

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2017

Os kommune



INSPIRERER

Forord

Opplæringslova §13-10 pålegg skuleeigar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlige rapporten skal drøftes av skuleeigar dvs. kommunestyret, jf. opplæringsloven § 13-10 andre ledd. Rapport om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigar kan velje ut fleire område som blir vektlagt i tilstandsrapporten. Det foreligg ikkje lovkrav om å utarbeide tilsvarande tilstandsrapport for barnehagane. I Os kommune har vi likevel valgt å leggje fram ei samla rapport i 2017. Vi har gjennom mange år arbeida heilskapeleg med barnehage og skule noke som mellom anna er synleggjort i Kvalitetsplanen for oppvekst og kultur og i satsingane i Prosjekt Betre Læringsresultat (BLR). Det er fortsatt naudsynt med felles merksemd på gode overgangar og den raude tråden i barnehage og skule i åra som kjem. Målet er at ein felles tilstandsrapport skal bidra til dette, og at tilstandsrapporten for barnehage og skule skal vere eit godt grunnlag slik at oppveksteigar har eit kunnskapsbasert og bevisst forhold til innhald og kvalitet i barnehage og skule.

Det er stor merksemd på kvalitetsarbeid og forskingsbaserte tilnærmingar i barnehage og skule i Os. I arbeidet med tilstandsrapporten har det og vore viktig å ha med seg at «det som tel ikkje alltid kan teljast». For å gi eit innblikk i kvardagen i barnehage og skule er det tatt med praksisforteljingar.

I arbeidet med tilstandsrapporten inviterte vi alle samarbeidsutvala (SU) i barnehagane og skulane til dialogmøte om innhaldet i tilstandsrapportene. Deira innspel er viktige signal til skuleeigar i arbeidet med å vidareutvikle kvalitet i skule og barnehage. «Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn».

Os, 15. september 2017

Line Rye
Kommunalsjef

Per Olav Sørås
Fagsjef skule og barnehage

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Del I: Barnehage



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel I: Innleiing

Pr. mai 2017 er det 1 322 barn i barnehage i Os. Rett til barnehageplass er utvida til å inkludere barn født i perioden august – november året før. Kommunen pliktar til ei kvar tid å tilby eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar tilpassa barnehagelov og innbyggjarane sine behov.


Det er ikkje lovpålagt å utarbeide tilstandsrapport for barnehage. Vi har likevel valgt å gjere dette for å sjå heilskapen i barnehage- og skuleløpet til det enkelte barn. I tillegg til familie, heim og nettverk så legg barnehagane eit viktig grunnlag for det enkelte barn si utvikling, meistring og tryggleik.

Tilstandsrapporten for barnehage legg vekt på å gje eit samla bilete av barnehagedrifta i kommunen. Som barnehagemynde har vi ansvar for å gje eit kvalitativt godt og likeverdig barnehagetilbod til alle barn i Os kommune uavhengig av eigar. Det er første gang vi leverer tilstandsrapport for barnehage, og form og innhald vil bli vidareutvikla. I denne omgang legg vi vekt på å vise den raude tråden, med felles satsingar på psykososialt miljø, språkutvikling og overgangar barnehage/skule.

Barnehagestrukturen i Os kommune 2017

Totalt 17 barnehagar fordelt på 13 eigarar:

- 14 private barnehagar med ordinær barnehagedrift som tilbyr 85% av barnehageplassane i Os kommune
- 1 privat åpen barnehage, gratis tilbod 1 dag pr. veke
- 2 kommunale barnehagar



Fordeling av barnehageplassar

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Viktige hendingar

- Alle barn med rett til plass er tilbudt barnehageplass i årets hovudopptak
- Dei utrulege åra (DUÅ) blir implementert i eit auka tal barnehagar
- Barnehagane er ein del av prosjekt BLR
- Prosjekt «Ungdomsskulegutar som leikeressurs» har hatt 90 ungdomsskulegutar i barnehagane og prosjektet blir vidareført
- Dei fleste barnehagane arbeider aktivt med å implementere «Språkløyper – kompetanseutviklingspakke som bidrar til å styrke barnehagens daglige arbeid med barnas språklæring gjennom ulike leseaktiviteter»
- Barnehagane skal delta i nasjonal foreldreundersøking (Udir) i november 2017
- Tett samarbeid med dei 5 andre kommunane i Midthordland kompetanseregion
- Deltaking i GLØD-nettverk, Fylkesmannen i Hordaland sitt faglege nettverk for kompetanse og rekruttering til barnehagane i Hordaland
- Auka opptak av BUA-lærlingar (Barne- og ungdomsarbeidar) i dei kommunale barnehagane. Os kommune er godkjent lærebedrift for Fagopplæringskontoret i Hordland
- Os kommune vil, med heimel i Lov om barnehagar, fortsetje med å gjennomføre minimum 6 tilsyn i barnehagar pr. år
- Alle barnehagane har oppdatert helseverngodkjenning



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 2: Barnehagemyndede

Kommunen si rolle som lokal barnehagemyndede er definert i barnehageloven § 2, 1. ledd: «Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.» Bestemmelsen vidarefører og presiserar kommunen sitt overordna ansvar for å sikre at alle barn får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod uavhengig av kva barnehage ein har plass i. Kommunen skal ved godkjenning av barnehagar og aktiv rettleiing og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen blir drivne i tråd med dei krav som er sett i barnehageloven med tilhøyrande forskrifter.

Nokre faste og kontinuerlege oppgåver for barnehagemyndede i Os kommune

- Handtering og oppdatering av gjeldande lov og regelverk
- Sikre føreseielege og likeverdige rammer for barnehagedrift
- Gjennomføre eit felles samordna opptak pr. år
- Gje tilbod om barnehageplass til alle barn i Os kommune med rett til plass i barnehage
- Sikre eit barnehagetilbod med høg og opplevd kvalitet for alle
- Kompetansehevingstiltak og vidareutdanning for tilsette i barnehagane
- Rettleiing og tilsyn i og med barnehagane
- Tverrfagleg og heilskapleg samarbeid på tvers av tenestene i kommunen

- Månadleg kontantstøtterapportering til NAV om barnehageplassar som er i bruk
- Tilpasse tal barnehageplassar i tråd med folkevekst og behov for barnehageplassar

Kjerneoppgåver

- Bistå barnehagane med kunnskap for å leggje til rette for eit godt psykososialt miljø der barn opplever å høyre til i eit fellesskap
- Bistå barnehagane i arbeidet med å vere ei pedagogisk verksemd som medverkar til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap
- Bidra til at alle barn opplever like mogeligheter for leik, livsutfalding, meningsfylte opplevingar og aktiv-

- tatar uavhengig av barnehage
- Tilby eit likeverdig pedagogisk tilbod som støttar opp om barn si generelle utvikling i alle barnehagane i Os kommune

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemyndede	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Ny rammeplan trådte i kraft 01.08.17 og i kapittel 3; «Formålet med og innhaldet i barnehagen» er følgjande presisert:

«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barnet skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Personalet skal

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle barn kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på vener
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over egne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster»



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Praksisforteljing frå barnehage: Godt psykosialt miljø (fiktive namn)

«August er en tid med endringer for både nye barn og barn som kommer tilbake fra sommerferie. Førskolebarna skal begynne på skolen, kanskje har noen barn flyttet og sluttet og nye barn begynner i barnehagen. Det er en tid for nye konstellasjoner og nye vennskap og det krever mye av både barn og voksne for at alle skal bli ivaretatt og inkluderte.

Lunsj

Per er 3 år og han har sin andre dag i barnehagen. Han skal være med å spise lunsj for første gang. Han er usikker og holder seg tett inntil Hanne som er primærkontakten hans. Hanne viser ham bordet og plassen hans og presenterer de andre barna som skal sitte ved samme bord. Barna smiler til ham og sier «Hei».

Per kikker i gulvet og tar Hanne i hånden. Hun følger ham bort til plassen hans og Sebastian som er 5 år sier: «Jeg kan flytte meg lenger inn på benken, sånn at du får plass!» Han smiler og snakker med lav stemme. Per setter seg på benken og kikker ned i bordet. Han tar imot skiven han blir tilbudt og legger den på fatet. De andre barna prater. De ber om pålegg og smører på selv.

Sebastian kikker på Per. Så ser han spørrende på Hanne, som nikker og han spør: «Hva vil du ha på skiven, Per?» Per svarer ikke, men kikker bort på Sebastian. Sebastian ser på Hanne igjen og hun nikker oppmuntrende.

Sebastian prøver igjen: «Hva liker du på skiven Per?» Per svarer ikke. Sebastian fortsetter: «Liker du ost?» Per rister på hodet. «Liker du leverpostei?» Per rister på hodet. Sebastian tar for seg alle påleggssortene og spør til slutt om han liker smør. Per ser opp og nikker. Han åpner smørpakken som Sebastian gir ham og prøver å smøre på.

Gøril som sitter rett overfor Per ler og hvisker til Kasper: «Han liker bare smør! Han får ikke til å smøre på».

Sebastian bøyer seg nærmere de to og sier med lav og bestemt stemme: «Det er ingenting å le av! Han har sikkert ikke øvd på det før. Han kan lære seg å spise ny mat i barnehage. Det har jeg lært!». Hanne nikker anerkjennende til Sebastian og stryker han over håret.

Per snur seg mot Sebastian og møter blikket hans. «Vil du at jeg skal vise deg?» Per nikker og Sebastian viser. Tålmodig, flere ganger. Per spiser av skiven og lytter til praten som fortsetter rundt bordet.»

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 3: Satsingar

Ein robust barnehagesektor bidrar aktivt til ein samla høg kvalitet på barnehagetilbodet og det er godt oppmøte og høg deltaking på treffpunkt initiert av Oppvekst og kultur.

Satsingar på barnehageområdet 2017

Alle barn med rett til plass er tilbudt barnehageplass i årets hovedopptak. Målet er nådd sidan rett til barnehageplass kom i 2009 og dette er ei viktig målsetjing for Os kommune.

Tilretteleggingstilskot til barn med nedsett funksjonsevne i barnehagane er etablert etter lovendring i august 2016. Barn med nedsett funksjonsevne har med lovendringa fått ein individuell rett til å søkje tilretteleggingstilskot for å få eit egna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Os kommune mottok eit høgare tal søknadar frå denne gruppa enn før lovendringa og bistår samla sett fleire barnehagar enn tidlegare.

Kommunen vil fortsetje det lovpålagte arbeidet med å setje barneha-

gane i stand til å gje dei aktuelle barna eit tilrettelagt barnehagetilbod. For å bidra til gode løysingar for barnet er det etablert rutine for dialogmøte i barnehagane der sakshandsamar frå kommunen møter leiinga i barnehagen.

DUÅ blir implementert i eit auka tal barnehagar. DUÅ er ein programserie som består av åtte utviklingsstøttande program retta mot barn i alderen 0 - 12 år og familiane deira. Programma fremjar positivt samspill barn imellom og mellom barn og vaksne. Fleire av programma er universalførebyggjande, andre er målretta førebyggjande, og dei resterande er tilrettelagde for å rettleie føresette og derigjennom handsame barn sine vanskar i sosial- og atferdsmessig samhandling. Implementering av programma leiast frå Regionalt kunnskapsenter for barn

og unge Nord (RKBU Nord) UiT Norges arktiske universitet i nært samarbeid med RKBU Midt-Norge, NTNU og RKBU Vest, Uni Research.

Barnehagane er ein del av prosjekt BLR. Etter prosjektoppstart i 2012 er føremålet med prosjektet utvida. Føremålet er å ha barnehagar og skular der kvart enkelt barn blir anerkjent, kjenner seg trygg og opplever meistring, slik at dei oppfyller sitt fulle potensiale, både fagleg og sosialt, og vert eit trygt og sjølvstendig menneske. Dette blir gjort gjennom:

- Målretta fokus på tidleg innsats
- Styrking av den tilsette i barnehage og skule si rolle – fagleg og i rollen som gruppeleiar
- Bruk av forskningsbaserte metodar

Fleire av barnehagane arbeider med å implementere «Språkløyper – kompe-


tanseutviklingspakke som bidrar til å styrke barnehagens daglige arbeid med barnas språklæring gjennom ulike leseaktiviteter». Det visast til praksisforteljing om bruk av Språkløyper.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Plan for implementering av Språkløyper

I kompetansepakkane blir språk og leseaktivitetar presentert for alle barn i barnehagen. Dei vil seie både yngre og eldre barn, gutar og jenter, barn med ulike morsmål og barn med språk-

vanskar. Nokre av barna vil ha særleg språkleg utbytte av å bli inkludert i leseaktivitetar og alle vil ha glede av det.



Praksisforteljing frå Søre Neset FUS barnehage AS

27.04.2017 Kurs i Språkløyper:

Dagleg leder og en pedagogisk leder var med. I etterkant av kurset kartla vi på hvilken måte vi kunne starte arbeidet med språkløyper i egen barnehage. Det var viktig for oss at personalgruppen var positive og villige til å arbeide med dette prosjektet.

26.05.2017. Planleggingsdag:

Vi informerte personalgruppen om språkløyper, utspring, nasjonal satsing, språkkommuner, lesesenter og skrivesenter med mer. Vi informerte også om hvordan språkløyper er organisert, systematikk osv. Vi var klare på at dette ikke vil medføre mer arbeid, men at vi kan systematisere det som allerede er nedfelt i rammeplanen. Personalet fikk utdelt refleksjonsspørsmål (ifht språkutvikling, å være språklig rollemodell, barnet sitt språk, hva sier rammeplanen om språkutvikling) som vi brukte IGP (Individuell-gruppe-plenum) metoden på. På møtet var det stor entusiasme, så vi var enige om å jobbe videre med språkløyper.

DL og ped.leder utarbeidet en plan for barnehagens videre arbeid med språkløyper. Vi har plassert øktene 1-10, enten én eller flere samme gang, på personalmøte eller planleggingsdager, oppstart 18.09.2017 og avsluttes 15.03.2018. Mellom disse introduksjonene må den enkelte avdeling gjøre egne refleksjoner som de sammenfatter og tar med til neste fellesøkt. Oppstart blir på planleggingsdag 18.09.2017 med økt 1,2,3 Språkutvikling og leselyst.

Kari Mikalsen, Pedagogisk leder
Søre Neset FUS barnehage AS

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Styrke: Samhandling på barnehageområdet

Faste treffpunkt gjennom året:

- Felles oppstart for tilsette i oppvekstområdet i august kvart år
- Forvaltningsmøte for barnehagestyrarane 4 gangar pr. år
- Nettverk for pedagogiske leiarar 2 gangar pr. halvår
- Oppvekstforum 4 gangar pr. år
- Felles strategisamling kvar vår
- Sommarfrokost i juni
- Møtepunkt med Fylkesmannen i Hordaland om aktuelle tema

Målet er at treffpunkta skal vere lærande møter der fokus er satsingar og ein raud tråd gjennom barnehageåret. Døme på tema:

- Godt nytt frå barnehagane
- Nyhende på barnehageområdet, høyringar og aktuelle saker
- DUÅ
- Språkløyper
- Overgang barnehage / skule
- Ungdomsskulegutar som leikeressurs
- Vanntilvenning i basseng
- Samhandling med fagtenestene
- Etc

Prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs»

Prosjektet er eit av fleire tiltak som rekrutteringskampanjen GLØD har prioritert dei to siste åra. Prosjektet GLØD er etablert frå Kunnskapsdepartementet for å vidareføre strategien for rekruttering av barnehagelærarar til barnehagane.

Overordna mål for prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs» er å styrke likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagane på kort og lengre sikt, ref. «Handlingsplan for likestilling 2014». Målet er at 20 % av dei som arbeider i barnehage og skule skal vere menn. I 2015 var 9 % av dei tilsette i barnehagen menn (nasjonale tal). I Os ligg vi på same nivå.

Då Oppvekst og kultur sendte ut informasjon om prosjektet våren 2014 meldte fleire av barnehagane i Os kommune si interesse for deltaking i prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs i barnehage». Med bakgrunn i dette så søkte Os kommune Fylkesmannen i Hordaland om deltaking og fekk tildelt midlar til prosjektet. Vi har valgt å halde fram med prosjektet og har etter søknad kobla på 2 nye barnehagar og har no 6 prosjektbarnehagar. Både Os ungdomsskule og Nore Neset ungdomsskule er med i prosjektet.

Følgjande 6 barnehagar er prosjektbarnehagar 2016/2017:

- Borgafjell barnehage
- Espira Kuventræ barnehage
- Nøtteliten barnehage
- Os barnehage
- Skeisbotnen barnehage
- Søre Øyane Naturbarnehage

Kva er ein leikeressurs?

Ein leikeressurs er ungdomsskulegutar som kjem til barnehagen for å vere saman med barna. Leikeressursen er med barna på deira premissar, men kan også ta initiativ til aktivitetar.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Forslag til aktivitetar er: Tegning, maling, bygge lego, musikkstund, "fotballskole", uteleik, lesegruppe med meir.

Som leikeressurs får gutane rettleiing av mannlege tilsette dersom barnehagen har det.

Leikeressursen og rettleiaren blir samde om kva som skal gjerast. Målet er at ungdomsskulegutane skal få ei positiv oppleving med det å jobbe i barnehage. Samstundes opnar ungdomsskulegutane for nye impulsar som kan gje lærerike perspektiv for barnehagepersonalet.

Gutane som er interessert i å delta i prosjektet retter søknad til barnehagen. Dei tilsette i barnehagen vurderar deretter ut frå søknad kven som skal få tilbod om jobb.

Frå vi starta våren 2015 og fram til og med våren 2017 har 95 leikerssursar

jobba 14 timar kvar i barnehage og mottatt lønn for innsatsen. Prosjekt "Ungdomsskulegutatar som leikeressurs" vil bli vidareført.

Filmsnutt frå prosjektet i Os kommune (lenke)



Praksisforteljing frå Os barnehage:

Minoritetsspråklege barn

Ein haust begynte det eit fleirspråkleg barn på fire år i Os barnehage. Barnet hadde ikkje gått i barnehage før. Barnet snakka sitt morsmål flytande, slik at ho var vant til å bli forstått av dei som var nær henne. Dei første dagane med innkjøring gjekk bra. Mor fekk gå vekk nokre timar. Barnet leika og prata på sitt språk. Også i samlingsstund prata ho mykje. Det var ingen som forstod kva barnet sa, men ho prata likevel. Etter ei tid forstod ho at ingen skjønna kva ho sa. Etter den oppdaginga begynte barnet å skrike rett etter at ho var levert i barnehagen. Mor snakka ikkje norsk, heller ikkje engelsk, så det var vanskeleg å forklare at ho måtte vere i nærleiken, slik at vi kunne nå henne ved behov. For å forklare mor når ho måtte vere tilbake, teikna vi ei klokke med tidspunkt. Vi brukte visuell dagsplan for å forklare barnet når mor skulle komme tilbake. Ein dag var det riktig ille. Vi prøver på ulike vis å forklare at mor kommer igjen etter at vi har spist, men det hjelper ikkje. Vi ringer far som kan litt engelsk, som kontaktar mor, og forklarar at ho må komme til barnehagen. Mor kommer igjen, snakkar med barnet, og setter seg ute på parkeringsplassen, slik at barnet kan sjå mor medan det leikar. Dette hjelper barnet til å roe seg ned. Veka etter sitter mor på parkeringen medan barnet er i barnehagen og leikar og spiser lunsj. Ein dag medan vi er ute og leikar seier barnet: Servica, Servica. Den vaksne skjønner kva barnet meiner; vi skal dekke bordet til lunsj. Barnet veit at når ho er ferdig å spise, skal det heim saman med mor. Denne oppdaginga mellom bord dekking og henting, gav barnet ei viss forutsigbarhet og tryggleik, nok til at ho kunne stoppe å gråte.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

DUÅ som ein del av BLR-satsinga i barnehage

«De Utolige Årene» har eit stort fokus på den vaksne si rolle og kompetanse i møte med barnet og barnegruppa

- Verktøyet vektlegg forebyggjande arbeid og refleksjon rundt eigen og felles praksis i barnehagen
- Bygging av sosial og emosjonell kompetanse hos det enkelte barn er sentralt der målet mellom anna er å forebygge mobbing og utestenging
- Det langsiktige målet er å bygge god psykisk helse som er grunnlaget for læring og utvikling og som også har eit samfunnsnyttig perspektiv

Pedagogisk Fagsenter ved PPT har ansvar for organisering og gjennomføring av DUÅkurs som er ein del av felles kompetanse og kvalitet i barnehagane i Os

- Universitetet i Tromsø har med støtte frå Folkehelseinstituttet ansvar for DUÅarbeidet på landsbasis
- 11 barnehagar i Os har gjennomført DUÅkurset, to skal i gang denne hausten og ein står på venteliste

- Dei siste åra har ein gjennomført fullimplementering der heile personalet i ein barnehage utgjer eit kurs, dette sikrar betre kvalitet på gjennomføring og implementering i barnehagen
- Gjennom veiledning i kurset, etterveiledning og nettverk etter fullført kurs får den enkelte barnehage støtte og hjelp i implementeringsfasen for å sikre vidare bruk og utvikling av verktøyet

Forskning og erfaring

- Arne Holte (fagdirektør Folkehelseinstituttet) har tidlegare i år lagt fram positive funn frå barnehagefeltet der ein kan sjå ein tydeleg samanheng mellom satsinga som er gjort innan DUÅ og «auke av sosial kompetanse, reduksjon i adferdsproblem, aggresjon og oppmerksomhetsvanskar»
- Barnehagane si tilbakemelding i Os viser at for mange barn skal det lite til for å skape viktige endringar som kan snu ei negativ utvikling når dei

- vaksne er medvitne, reflekterte og samkøyrd rundt det barnet treng
- Fleire arbeider no meir målretta med å legge til rette for, være proaktive vaksne og sette fokus på det grunnleggjande systemarbeidet i barnehagen

- Fleire barnehagar gir uttrykk for at DUÅ er eit viktig påfyll som supplerar andre verktøy og satsingar dei arbeider med

For å halde dette arbeidet varmt og utvikle det vidare i den enkelte barnehage er det viktig at oppfølgings- og implementeringsarbeidet får halde fram også etter at alle barnehagane i Os har fått tilbod om kurs. I 2018 starter vi med "opsamlingskurs" for nye tilsette i barnehagane.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 4: Tilsyn

Som lokal barnehageemynde gjennomfører Os kommune ved Oppvekst og kultur tilsyn med barnehagar etter gjeldande lov og regelverk. Vår kapasitet tillet 6 barnehagar pr. år innanfor ei realistisk ramme for gjennomføring. Det betyr at det går 3 år mellom kvar gang ein barnehage har stadleg tilsyn frå kommunen. Det er i minste laget og krev ei tett oppfølging gjennom året for å sikre oppfølging, rettleiing og dialog med barnehagane. Stadleg tilsyn, rettleiing og samhandling bidrar til å styrke barnehagane som pedagogiske verksemder.

I vår gjennomførte vi 4 tilsyn og 2 barnehagar får i desse dagar varsel om tilsyn i løpet av november. Desse 2 barnehagane hadde sist tilsyn i juni 2015. Tilsyn er ein del av det etablerte samarbeide for Midthordland kompetanseregion.

Det vart opna skriftleg økonomisk tilsyn mot ein av barnehageeigarane i Os kommune i september 2016. Dette tilsynet er enno ikkje lukka. Os kommune sitt arbeid med dette tilsynet blir fulgt med stor interesse frå fleire andre kommunar rundt om i landet og vi bidrar til erfaringsdeling på tvers av kommunegrensene. På bakgrunn av pågåande tilsyn vart vi trekt ut som 1 av 8 casekommunar for å bistå Agenda Kaupang med å kartlegge kommunane sine erfaringar med reglane i barnehagelova om private barnehager sitt bruk av offentlige tilskot.

Agenda Kaupang har fått oppdraget av Utdanningsdirektoratet og rapport frå undersøkinga skal framleggast for Utdanningsdirektoratet i løpet av hausten 2017. Direktoratet viser i undersøkingane til barnehagelovens paragrafer 14a, «Krav til bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager» 16a «Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikke-kommunale barnehager» og forskrift om regnskapsplikt for godkjente, ikke-kommunale barnehager.

Tilsyn med barnehagar i Os kommune

Tilsyn skal vera eit verktøy for å sikra barn gode oppvekstvilkår, og kvalitetssikra at barnehagane driv i høve til lover, forskrifter og kommunale vedtak.

Ved jamnleg tilsyn vil eigar av barnehagen og vera bevisst ansvaret sitt for barnehagen som verksemd etter **Lov om barnehagar (lenke)** med forskrifter. Tilsynet som heilskap krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

Døme på tilsynsområde/tema kan vera om barnehagen følgjer rammeplanen for barnehagar i høve til innhald og fagområde eller at barnehagen har tilstrekkeleg grunnbemanning i høve til heile plassar.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehageemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kommunal plan for tilsyn med barnehagar (lenke) i Os kommune blei vedteke i Kommunestyret 24.04.07. Rådmannen har fått delegert mynde for tilsyn, men tilsyn blir utført av lokal barnehagemynde saman med rådgjevar frå stab og representant frå ein av dei andre kommunane i Midt-hordland kompetanseregion. Tilsyn som er gjennomført er registrert med rapport:

Barnehage	2010	2011	2013	2014	2015	2016	2017
Banktjørnhaugen barnehage			rapport			rapport	
Borgafjell barnehage				rapport		rapport	rapport
Espira Kuventræ barnehage				rapport	rapport		
Espira Ulvenvatnet barnehage				rapport			rapport
Hegglandsdalen barnehage	rapport				rapport		
Flåten naturbarnehage			rapport			rapport	
Hjellemarka FUS barnehage	rapport					rapport	
Kulur Kuvågen barnehage			rapport				rapport
Lysekloster barnehage	rapport				rapport		
Nøtteliten barnehage		rapport			rapport		
Os barnehage		rapport			rapport		
Oseyro Åpen barnehage							
Skaisbotnen FUS barnehage		rapport			rapport	rapport	
Skorvane FUS barnehage		rapport				rapport	
Søre Neset FUS barnehage				rapport			rapport
Søre Øyane naturbarnehage		rapport				rapport	
Sælehaugen barnehage	rapport						
Varhaug barnehage	rapport					rapport	

Oversikt over gjennomførte tilsyn i perioden 2010 – 2017 (lenke ligg på Os kommune si heimeside)

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Del 2: Skule



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel I: Innleiing

Viktige hendingar

2016

- Alle skulane gjennomførte lærande møter i personalet og i møte med føresette
- Nettverk med tema: «Lesing og skrivning som grunnleggjande ferdigheit» og «Eit godt læringsmiljø»
- Alle barneskulane nyttar LesLos og Språkløyper i utviklingsarbeidet.
- Ungdomsskulen deltar i det nasjonale skuleutviklingsprogrammet Ungdomstrinn i utvikling med lesing i alle fag som satsingsområde <https://www.udir.no>
- Fokus på godt læringsmiljø og §9A i skuleleiingsmøta våre
- BLR (Betre Læringsresultat): Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1-4.trinn og forsterkingslærarressursen held fram. Ei ny lærarstilling til kvar av ungdomsskulane og ei stilling til meistringsteamet
- BLR -Chromebook for elevar på 8.trinn
- Gjennomførte elevundersøkinga på alle trinn f.o.m. 5. t.o.m. 10.trinn
- Etablerte eit tverrfagleg «Innsatsteam for eit trygt og godt oppvekstmiljø i barnehage og skule»
- Alle elevråda på skulane var ein del av ansvarsdialogen
- Nytt skuleadministrativt system teke i bruk

2017

- Gjennomføre fagdag med tema eit godt læringsmiljø med fokus på avdekking og stopping av mobbing, og relasjonell klasseleiing. Vil bli gjennomført ved alle skular i perioden 2016-2018
- Følgjer opp skulane tett i høve regelendring § 9A
- BLR- Chromebook for nye elevar på 8.trinn
- Nye Lunde barneskule tatt i bruk ved skulestart haust 2017
- Meistringsteamet utvida til barneskulane: 50% stilling på meistringsteamet for 5-7.klasse
- Følgje opp aktiv bruk av SIM-permen (sjåast i morgon)
- Dialogkafe med alle samarbeidsutvala i skule og barnehagane
- Nytt barnehage/SFO system er integrert med skuleadministrativt system

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Elevtal og prognose

Indikator og nøkkeltal	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Tal på elevar	2473	2540	2665	2744	2794
Årsverk for undervisningspersonale	207,6	200,8	202,8	208,3	209,4
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,3	99,2	100,0	99,5	99,8

Tal elevar

Indikatoren opplyser om tal elevar som er registrert ved grunnskular per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser sum årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Vi har ein stor auke i elevtal. Dette har medført at klassane har blitt fylt opp. Mange skular har no trinn som er nærast fulle og nye klassar må opprettast. Lærarstillingane heng i stor grad saman med klassetalet. På enkelte skular og trinn kan det bli kapasitetsutfordringar. Dette vert fulgt opp i revisjon av skulebruksplan.

Lærartettleik

Lærartettleik reknast med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelt på grunnlag av individu-

elle elevrettar.

Det er spesiell merksemd på korleis skulane organiserer undervisning og ressursbruk inn mot småskuletrinn (1.-4.trinn). Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik, ressurslærer og tilpassa opplæring er sentrale tema i møter med skuleleiingane.

Forskningsprosjektet «Two teachers»

Two teachers er eit 4-årig forskningsprosjekt i regi Lesesenteret i Stavanger. Oppstart var haust 2016. Vi har alle våre «to-parallele» barneskular med i dette forskningsprosjektet. Two Teachers er eitt av to store forsknings-

prosjekt som skal undersøke effekten av auka lærartettleik for norske elevar. Kva betyr lærartettleik for elevane si læring og læringsmiljø? Dette er eit spørsmål som har vakt stor interesse og mykje engasjement dei siste åra. Det har blitt bevilga mykje pengar til fleire lærare dei første skuleåra, men er det nok med ressursar? Målet med prosjektet er å se på korleis lærarane bør jobbe for at det å ha fleire lærarar kan utnyttast best mogleg, og gi best mulig læringsutbytte for elevane.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 2: Resultat

Målsetting

Elevane i Os kommune skal utvikle gode ferdigheiter i dei grunnleggjande ferdigheitene som er ein føresetnad for læring og utvikling i skule, arbeidsliv og samfunn.

Vi ønskjer at resultata frå nasjonale prøver er på betre eller likt nivå med nasjonalt snitt.

Fakta

Resultata frå nasjonale prøver viser at vi har for mange elevar på lågaste meistringsnivå og vi har få elevar på høgaste nivå.

Vi trur at satsinga på dei grunnleggjande ferdigheitene og spesielt fellessatsinga Lesing og skrivning som grunnleggjande ferdigheit for alle skulane våre vil gje positiv effekt på nasjonale prøvar framover.

Vi held fram med felles rutine og møtepunkt for analyse og oppfølging av resultat i skuleleiingsmøta og på den enkelte skule.

Elevane våre viser framgang i resultat på nasjonale prøver frå barneskulen til ungdomsskulen.

Grunnskulepoenga, som ligg på nasjonalt nivå, viser at elevane våre har eit godt utgangspunkt for overgang til vidaregåande skule.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Resultat frå nasjonale prøver


Å beherska grunnleggjande ferdigheiter er nødvendig for læring og utvikling i

skule og deltaking i seinare samfunnsliv. Dei grunnleggjande ferdigheitene, slik dei er definert i Kunnskapsløftet, er å


kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykkje seg muntlig, å kunne rekne og å kunne bruke digitale

verktøy. Grunnleggjande ferdigheter er integrert i læreplanane for fag.

5.trinn: Lesing, rekning og engelsk



8.trinn: Lesing, rekning og engelsk



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Nasjonale prøver skal gje informasjon om i kor stor grad elevane sine grunnleggjande ferdigheiter er i samsvar med måla i læreplanen. I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, samt i lesing og rekning på 9.trinn.

Kartlegginga av elevane sine læringsresultat skal, saman med anna vurdering, danne grunnlaget for å iverksetje forbetringstiltak både retta mot den enkelte elev og på skule- og kommunenivå. Resultata er i hovudsak offentlege, og er publisert på www.skoleporten.no.

Resultata på 5.trinn er delt inn i tre meistringsnivå. Elevane på nivå 1 er på lågaste nivå og 3 er høgaste nivå. På ungdomstrinnet er resultatet av dei nasjonale prøvene delt inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgaste nivå.

Skulane i Os kommune har lesing som grunnleggjande ferdigheit som felles satsingsområde i alle skulane våre. Vidare vil skrivning som grunnleggjande ferdigheit bli ei felles satsing i Os.

Oppfølging av resultatata

Resultata på dei nasjonale prøvene blir følgd opp med analyse, drøfting og tiltak som skal auke kvaliteten på opplæringa slik at fleire elevar utviklar seg vidare og opplev meistring.

Resultata frå nasjonale prøver må alltid sjåast i samanheng med anna informasjon, kartlegging, vurdering og resultat.

Os kommune har ei rutine for gjennomføring, analyse og oppfølging av resultat av nasjonale prøver. Dette er tema på ulike møtepunkt på den enkelte skule, i felles skuleleiingsmøte med administrasjonen og i ansvarsdialog mellom administrasjon, og den enkelte skule. Resultat frå nasjonale

prøver vert presentert i Tenesteutvalet årleg.

Lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing slik den er integrert i kompetansemål i læreplaner for fag i Læreplanen frå 2006.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:


1. Finne informasjon
2. Forstå og tolke
3. Reflektere over og vurdere tekstens form og innhold

Utdanningsdirektoratet definerer lesekompetanse som at *elevane kan forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skrevne tekstar for å kunne nå sine mål, utvikle sine kunnskaper og evner og delta i samfunnet.*




BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

5.trinn: Lesing



8.trinn: Lesing



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva for grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik den er integrert i kompetansemål i læreplaner for fag som viser at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale

prøvene i rekning dekkjer tre innhalds-område: Tal, måling og statistikk.


Prøvene i rekning på 5.trinn tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneberer at elevane forstår korleis dei: Kan løyse ei gitt utfordring, kan løyse problemet

ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara er rimelege og kan ha effektive strategiar for enkel talrekning.


Prøvene i rekning på ungdomstrinnet tar utgangspunkt i korleis elevane anvender rekning i faglege og daglegdagse samanheng. Dette innebærer

at dei: Forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring, kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara dei får er rimelege og kan vise effektive strategiar for enkel talrekning.

5.trinn: Rekning



8.trinn: Rekning



Engelsk

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemål i læreplanen for engelsk, knytta til leseforståing, vokabular og grammatikk.

Engelsk er ikkje ein del av dei grunn-

leggjande ferdigheitene som er integrert i kompetansemål i læreplanane i alle fag i Læreplanen av 2006. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.


Opggåvene på 5. trinn er knytta til desse ferdigheitene: Finne informasjon, forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar,

forstå vanlege ord og uttrykk tilknytta daglegliv og fritid, forstå tydinga av ord og uttrykk ut frå samanhengen dei er brukt i og bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster.


Opggåvene for ungdomstrinnet er knytta til desse ferdigheitene: Finne

informasjon, forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengde, forstå og reflektere over forskjellige sjangrar, handtere eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar, forstå betydninga av ord og uttrykk ut frå samanhengen dei er nytta i og forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar.

5. trinn: Engelsk



8. trinn: Engelsk



Standpunktkarakterar, eksamen og grunnskulepoeng


Standpunktkarakter og eksamen
Sluttvurdering i eit fag er standpunktkarakterar og eksamenskarakterar når eleven avsluttar 10.trinn. Elevane skal ha skriftleg eksamen i norsk, matematikk eller engelsk, samt munnleg eksamen i eitt fag.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som sluttvurderast med karakterar. Karakterane nyttast som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna som summen av elevane sine avsluttande karakterar, delt på tall karakterar og multiplisert med 10. Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng presenterast som karaktergjennomsnitt med éin desimal.

Poenga er eleven sitt konkurransegrunnlag ved inntak til vidaregåande skule.

Ein medverkande årsak til at grunnskulepoenga både nasjonalt og for Os kommune aukar er at valfaga inngår i grunnskulepoengsummen. Vi er likevel godt nøgd med utviklinga. Resultata har gradvis auka dei siste åra. Vi har over fleire år hatt ein satsing på ungdomstrinnet med «ungdomstrinn i utvikling» og «vurdering for læring». Vi trur at dette er medverkande faktorar til positiv utvikling og godt resultat.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Resultat

Nasjonale prøver

5.trinn: Vi har framleis for mange elevar på lågaste nivå i lesing og engelsk.

8.trinn: Vi har for mange elevar på lågaste nivå i lesing. I rekning og engelsk er vi meir lik nasjonalt nivå.

Grunnskulepoeng

Vi er godt nøgd med at vi også i år har eit resultat på lik linje med nasjonalt nivå.

Suksessfaktorar

Felles satsingsområde i alle skulane våre: Lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheit.

Nettverk: Alle lærarane har 4 nettverk i skuleåret inkludert i arbeidstidsavtalen sin. Desse nettverka er sentrale i å utvikle felles kvalitet i satsingsområda våre og å utvikle ein lærande organisasjon med delekultur.

UIU: Den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling med lesing i alle fag som satsingsområde har vore ein stor suksess for ungdomsskulane våre. Satsinga har vore ein sentral faktor i kvalitetsarbeidet i skulen.

Tett dialog og Skulebasert kompetanseutvikling-nettverk med skulane i utviklingsarbeidet. LeseLos og Språkløyper er blitt kopla på etter kvart.

«Two teachers»: Forskingsprosjektet har gjeve auka fokus på organisering av undervisninga på småskuletrinnet.

Forsterkingslærarressursen: Gjennom BLR midlar har alle barneskulane fått tilført pedagogressurs til arbeidet med tidleg innsats i lesing og rekning på 1.-4.trinn.

Utfordringar

Betre analyse av nasjonale prøver – finne konkrete forbetningsområde på dei ulike trinna og for faget og/eller dei grunnleggjande ferdigheiter.

Karleggingsprøvene: Tidlig innsats på småskuletrinnet i lesing – betre analyse og oppfølging av resultatata. Setje inn forskningsbaserte tiltak for den elevgruppa som har behov for det.

Særleg merksemd mot læringsfremjande undervegsvurdering.

Få alle skulebiblioteka meir involverte og sentrale i satsingsområdet lesing og skriving.



Plan for oppfølging

Vidareutvikle og forbedre felles rutine for nasjonale prøver. Vi vil nytte innspel frå Udir «Sjekkliste for gjennomføring av nasjonale prøvar» i dette arbeidet.

Halde fram med felles satsingsområde i lesing og skrivning som grunnleggjande ferdigheit. LeseLos og Språkløyper er sentrale verktøy i dette arbeidet.

Nettverk: Vi vil halde fram med nettverk for lærarane og plangruppa på skulane. Tema vert satsingsområda våre lesing, skrivning og læringsmiljø og i tillegg vurdering og digitale ferdigheiter. Plangruppa vil ha Skulebasert kompetanseutvikling og vurderingspraksis som tema på sine nettverk.

Kompetanseheving: Nye krav til lærarane sin undervisningskompetanse medfører at vi vil følgje opp krava til skuleeigar om å sikre naudsynt kompetanse i skulane våre.

Tidleg innsats - Forsterkingslærere: Vi vil gjennomføre 4 nettverkssamlingar for forsterkingslærarane. PPT blir med i dette arbeidet. Analyse og oppfølging av kartleggingsprøvar, forskingsbaserte tiltak og undervisningsopplegg vil bli presentert og drøfta. Rektor deltek på 2 av nettverka.

Os folkebibliotek: vi vil invitere Os folkebibliotek med i eit tettare samarbeid for å vidareutvikle skulebiblioteka våre.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 3: Læringsmiljø

Målsetting

Alle elevane i Os kommune skal ha eit godt og trygt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Fakta

- Elevane sin rett til eit godt og trygt skulemiljø er heimla i Opplæringslova kap.9A
- Alle skulane har planar som sikrar systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik til alle elevane.
- Alle skulane vil i perioden 2017-2019 gjennomføre ein utviklingsdag med nytt regelverk i Kap.9A som tema.
- Kap.9A vil vere fokusområde på skuleleiarmøta for å sikre at skuleleiarane har kompetanse til å førebyggje, møte og handtere mobbing på sin skule
- Begge ungdomsskulane er MOT-skular
- Elevundersøking blir gjennomført kvart år på alle skulane 5.-10.trinn. Resultata viser at elevane våre trivst på skulen, men det er elevar som har opplevd krenking som mobbing, diskriminering eller trakassering.
- Elevane skal ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.
- Begge ungdomsskulane har eit eige psykisk helse prosjekt kvar haust.


Forhold som har avgjerande betydning for kvaliteten på elevane sitt læringsmiljø:

- læraren si evne til å leie klassar og undervisning
- positive relasjonar mellom lærare og den enkelte elev
- positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- godt samarbeid og dialog mellom heim og skule
- god leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Gjennom elevundersøkinga får elevane høve til å seie si meining om tilhøve som er viktige for trivsel og læring på skulen. Undersøkinga er obligatorisk for 7. og 10.trinn, men i Os kommune gjennomførast elevundersøkinga på alle skulane frå 5. - 10.trinn.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Trivsel og mobbing



Det viktigaste for trivselen er fråvæ av mobbing. Skulane har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men erkjenner samstundes at krenking kan forekomme. Det sentrale er at skulane arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljøet og trygg-

leiken til elevane. Skulane skal ha kompetanse og rutinar for førebygging, avdekking og iverksettjing av tiltak raskt når elevar opplever krenking.

Krenkingar er eit samleomgrep for negative ord eller handlingar som barn og unge opplever som krenkande for

sin verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap. Det omfattar alt frå enkeltståande ytringar eller handlingar, til gjentekne episodar. Det omfattar mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Krenkingar kan være direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespredning eller andre handlingar som gjer at barn og unge opplever at dei ikkje er trygge, ubehag eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapet.

Krenkingane kan også være digitale. Digitale krenkingar kan både vere direkte og indirekte – synlege og/eller usynlege. Synlege, digitale krenkingar kan vere produksjon av og/eller spreiding av bilete, video eller tekst. Dei usynlege, digitale krenkingane kan handle om ikkje å få «likes» eller invitasjonar, eller å bli utestengd frå sosiale grupper på nettet.

Elevundersøkinga sine spørsmål om

mobbing blei revidert i 2016. Resultata på spørsmål om mobbing frå tidlegare år kan derfor ikkje samanliknast med resultata frå skuleåret 2016 og framover.

Ny §9A – aktivitetsplikt, risikovurdering og internkontroll

Det nye regelverket i kapittel 9A skal styrke rettane til elevar som blir mobba og deira foreldre. Departementet ønska å lovfeste enda tydelegare krav til kva skulane skal gjera når elevar blir mobba, og at alle skal ha det trygt og godt på skulen. Regelverket er viktig for å setje standard og for å plassera ansvar og plikt på skuleeigar og tilsette i skulen.

Skulane skal ha nulltoleranse mot krenkingar, jf. oppl. § 9 A-3. Eksempla som blir nemd i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Aktivitetsplikten gjeld for **alle** som arbeider eller utfører ei teneste på skulen. Aktivitetsplikten skal sikre at skulane handler raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, at ingen vaksne på skulen skal kunne snu seg vekk og seie at dei ikkje veit, ser eller kjenner til at elevar blir utsett for mobbing eller andre former for krenkingar på skulen. Det er viktig at skulane har tydelege haldningar på dette området. Rektor har ansvar for det systematiske arbeidet. Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a)kva problem tiltaka skal løyse
- b)kva tiltak skulen har planlagt
- c)når tiltaka skal gjennomførast
- d)kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e)når tiltaka skal evaluerast.

Aktivitetsplikten skal vidare sikre at det skal nytte for barn og ungdom å seie frå dersom dei ikkje opplever skulemiljøet

trygt og godt, og den skal ivareta involverte elevar sin rett til å bli høyrtd.

Aktivitetsplikten dreiar seg om at den enkelte skule må vurdere risiko og sannsynlighet for at krenkingar som mobbing, vold, diskriminering og trakassering kan finne stad i eiga verksemd.

Personalet må saman reflektere over:

- **kvar og når** krenkingar kan førekomme,
- **kven** som kan være utsett for å bli krenka eller krenke
- **korleis** dei som arbeider på skulen skal følgje med.

Skulen må vidare våge å reflektere over dei vaksne si rolle, og vurdere risiko og sannsynlighet for at vaksne kan krenkje elevar. Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa for eit trygt og godt skulemiljø. FAU må aktivt vere med i dialog med skulen om arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Elevar

bør vere representert i SU, eller delar av SU, når skulemiljøet på skulen er tema.

“For dem som opplever at en voksen setter seg ned, stiller noen gode spørsmål og gir av sin tid, er svaret nesten alltid det samme: Det gjorde at jeg følte at noen trodde på meg, og ga meg håp om at livet kunne bli bedre.”
Kristin Oudmayer, UNICEF Norge

“Å kunne leve sammen i et samfunn med ulikhet er og blir spesielt viktig framover. Å styrke elevenes evne til å være inkluderende blir en nøkkelfaktor i arbeidet med å ivareta og utvikle et godt læringsmiljø og for å forebygge mobbing.”
Frå Stavanger kommune: God, bedre,- best

TL - Trivselsprogrammet

Alle barneskulane våre er med i Trivselsprogrammet (TL). Gjennom Trivselsprogrammet legg trivselsleiarar til rette for auka aktivitet i friminutta.

Trivselsprogrammet sitt mål er å:

- Gje auka trivsel
- Gje auka og meir variert aktivitet i friminutta
- Gje auka og meir variert aktivitet i undervisninga
- Byggje vennskap
- Førebyggje konflikter og mobbing
- Utvikle inkluderande, vennlege og respektfulle elevar

Kombinert med gode handlingsplanar mot mobbing, er målet at Trivselsprogrammet også skal kunne bidra til å redusere mobbing.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Skule-heim-samarbeidet

Samarbeidet mellom heim og skule er formalisert i opplæringslova. Os kommune har etablert Kommunalt foreldreutvalg (KFU) som koordinerende organ for skulane sine FAU. Skulane er ansvarlege for det profesjonelle pedagogiske læringsarbeidet, men foreldra skal ha reell moglegheit for innverknad på skuletilbodet til sine barn.

Skule-heim samarbeidet kan delast i tre nivå:

- **Informasjon:** Utveksling av gjensidig informasjon frå skulen til heimane og frå foreldre til skulen.
- **Dialog og drøfting:** Ein reell og sannferdig kommunikasjon mellom foreldra og skulen/lærarane om forhold som angår elevane, undervisninga, læringsmiljøet og utvikling av skulen.
- **Medverknad:** Både skulen og foreldra skal ha innverknad på det som gjeld elevane. For foreldra vil dette ofte

dreie seg om at deira oppfatning blir teke omsyn til av lærarane og skulen.


Foreldra er viktig for barna si læring. Barn som blir motivert og får støtte heime, har større sjanse til å gjere det bra på skulen både fagleg og sosialt, uavhengig av foreldra sin bakgrunn og utdanningsnivå.

Eit nært og forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å realisere dei felles oppgåvene lærarane og foreldra har. Målet er at vi har foreldre som støtter barna på ein god måte, og som samtidig samarbeider godt med skulen og møter lærare som har gode samarbeidsferdigheiter.

Gjennom det 4-årige organisasjonsutviklingsprogrammet i vår region, har skulane og skuleeigar fått kunnskap og utvikla kompetanse i korleis ein kan involvere foreldra i kvalitetsarbeidet i skule og barnehage. Metodar som dialogmøte og dialogkafe er dette

skuleåret blitt prøvd ut med gode tilbakemeldingar. Skule-heim-samarbeidet vil vere ei viktig del av satsingsområdet «Eit godt læringsmiljø» framover.

På ulike møtepunkt har erfaringsdeling kring tiltak for å sikre eit godt heim-skulesamarbeid og involvering av foreldre i kvalitetsarbeidet vore nyttig.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Læringskultur og støtte frå lærarane


Ein positiv relasjon mellom lærar og elev er nøkkelen til god klasseleiing. Korleis læraren legg til rette for læring gjennom å kommunisere klare læringsmål, bruke varierte arbeids-former og materiell, får elevane til å involvera og engasjera seg er avgjerande. Tydeleg forventning gjev motivasjon.

*«Relasjonsbygging til elevane er ein motorveg til læring. Elevane lærar betre av lærarar dei likar.»
(Pål Roland)*

Det er difor gledeleg å sjå ein markant framgang på ungdomstrinnet skuleåret 2016-2017. Frå 3,7 i førre skuleår, til 3,9 dette skuleåret. Dette er likt med Hordaland fylke, og om lag på landsnittet.

Skuleåret 2016-2017 har vi gjennomført 4 nettverk for alle lærarane i Os kommune. Tema på nettverka har vore satsingsområda våre. Læringsmiljø med fokus på relasjonell og emosjonell klasseleiing har vore tema for alle lærarane på 1.-7.trinn og i tillegg har enkelte skular hatt læringsmiljø og klasseleiing som tema på utviklingsdagar og personalmøte. Assistentar og fagarbeidarar har også hatt kurs og samlingar med læringsmiljø og §9a som tema.

Læringsmiljø er felles satsingsområde på alle skulane og det vert drøfta på ulike møtepunkt i kommunen. Læringsmiljø og klasseleiing vil framleis vere satsingsområde i Os kommune framover.




BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Skoleporten sin indikator *læringskultur* byggjer på elevane si vurdering av tre påstandar:

- *Det er god arbeidsro i timane*
- *I klassen min synest vi det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet*
- *Mine lærarar synest det er greit at vi elevar gjer feil fordi vi kan lære av det.*

Skoleporten sin indikator *støtte frå lærarane* byggjer på fem påstandar og spørsmål tilknytta eleven si oppfatning av relasjonen til lærarane:

- *Opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?*




- *Opplever du at lærarane dine har tro på at du kan gjere det bra på skolen?*
- *Opplever du at lærarane behandlar deg med respekt?*
- *Når eg har problemer med å forstå arbeidsoppgåver på skulen, får jeg god hjelp av lærarane*
- *Lærarane hjelper meg slik at jeg forstår det jeg skal lære*

“Dette er lærerens egentlige fag: Å like elever. Å være glad i dem. Han skal være glad i pene barn og stygge barn, i flinke barn og dumme barn, i dovne barn og flittige barn, i snille barn og i slemme barn. Og er han ikke glad i barn, da må han lære det. For selvfølgelig kan det læres, det som alt annet. Hans gjerning er å omgås hele, levende barn, og ikke bare hoder. Derfor krever lærerkallet av ham at han også selv skal møte frem som helt og levende menneske, ikke bare som et noe større hode. Så enkelt, og så vanskelig, er det å være lærer”
Jens Bjørneboe 1962



Vurdering for læring



Vurderingsforskrifta har som intensjon at elevane skal lære gjennom dei vurderingane og tilbakemeldingane dei får frå lærarane.

Dei fire prinsippa i Vurdering for læring er basert på internasjonal forskning:

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære

og kva som er forventa av dei

2. Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel elevane om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.

3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.

4. Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved å mellom anna

vurdere eige arbeid og utvikling.

Vurdering for læring har hatt ei forbetring over heile landet på ungdomstrinnet, og spesielt gledeleg er det at vi i Os har hatt ein god forbetring innanfor Vurdering for læring, frå 3,0 i førre skuleår til 3,3 dette skuleåret som også er landsgjennomsnittet.

Gjennom implementeringa av LeseLos i alle barneskulane har prinsippa for vurdering blitt framheva. Kjenneteikn på «Den gode timen» er drøfta på skulane. Læresamtalen og læringsevnen er prøvd ut med positiv erfaring. Vi vil bruke meir tid på undervegsvurderinga og saman med skulane våre reflektere over god vurderingspraksis – nå situasjon og ønska situasjon. Dette kan bli ein del av SKU(Skulebasert kompetanseutvikling) arbeidet vårt i kommunen framover.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		


Motivasjon og meistring

Motivasjon, innsats, meistring og fagleg utfordring har betydning for elevane sine prestasjonar og læringsutbytte.

Motivasjon viser om elevane uttrykkjer glede for skulen, og måler deira interesse for læring og skulearbeid. Innsats måler om elevane prioriterer skulearbeidet både i timane og heime, og om dei kan halde ut når oppgåvene blir utfordrande. Meistring måler elevane si oppleving av å lukkast i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen, mens indikatoren Fagleg utfordring viser elevane si oppleving av faglege utfordringar på skulen.

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen. Skala: 1-5. Høg verdi betyr positivt resultat.

Også her viser ungdomstrinnet i Os ein fin framgang, frå 3,9 førre skuleår til 4,1 skuleåret 2016-2017, som er rett over snittet i landet.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Elevdemokrati og medverknad


Det er læraren som har ansvaret og som er sjefen i klasserommet, men elevane skal få vere med å forme kvardagen. Elevmedverknad skaper eigarskap og motivasjon, og er god læring. Alle elevar skal t.d. få vere med å bestemme i planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av undervisninga.

Alle elevane har rett til å si si meining gjennom eit elevråd. Eit elevråd skal representere elevane og skal velgjast på ein demokratisk måte. Elevråd skal delta i alt som vedkjem elevane. Dei kan t.d. uttale seg om ordensreglar.

Elevane har rett til å seie si meining om det fysiske og psykiske skulemiljøet gjennom eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet (SMU) skal det sitje representantar for skulen, kommunen og frå elevane. Elevane har også rett til å vere representerte i eit samarbeidsutval (SU). Her skal elevar og foreldre, skulen og kommunen sitje.

Skuleeigar er i tett dialog med skulane for å sikre at elevane får retten til medverknad oppfylt. I det nye regelverket til kapittel 9A er elevane sine rettar tydeleg formulerte. I ansvarsdialogen mellom administrasjonen og skulane er møte med elevrådet på den enkelte skule eit viktig og prioritert møtepunkt.

Indeksen viser elevane si oppleving av moglegheit for å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med å bestemme klassereglar og delta i elevrådsarbeid. Igjen har ungdomstrinnet hatt ein framgang, frå 3,0 til 3,4 som er frå under landssnittet førre skuleår til over landssnittet skuleåret 2016-2017.



”Det var da jeg som lærer og voksenperson våget å gi litt slipp på kontrollen og lot elevene komme med sitt, at jeg opplevde den gode dialogen rundt trivsel og læring. Når eleven er aktør i sin hverdag, blir læringsutbyttet maksimalt både faglig og sosialt for alle.”

Solrun Hafsaas, 1. klasselærer, Tingvoll b/u

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Resultat

Vi gjennomfører elevundersøkinga på 5. til 10. trinn for alle elevar. Jamnt over har vi gode resultat, men det er variasjon frå skule til skule. Vi har låge mobbetal, men kvar enkelt mobbesak er ein for mykje og må følgjast opp etter nytt regelverk. Kap. 9a.

Suksessfaktorar

- Elevane trivst og føler seg trygge
- God relasjonell og emosjonell klasseleing i alle klasserom
- Aktive elevar, medverknad, medansvar
- Framsnakking og omdøme
- Systematisk og kontinuerleg arbeid for eit godt og trygt skulemiljø
- Nulltoleranse mot krenking og mobbing
- Trygge og kompetente vaksne driv førebygging gjennom å skape gode miljø for læring og trivsel for alle

Utfordringar

Sikre alle elevar eit godt og trygt skulemiljø.

Vidareutvikle eit systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø gjennom kompetanseheving for å kunne førebyggje, møte, avdekke og følgje opp elevsaker.

Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Plan for oppfølging

Systematisk oppfølging av rutinar og system knytt til nytt regelverk i kapittel 9A. Gode prosedyrer for forebygging, avdekking og handtering av mobbing.

«Innsatsteam for eit godt og trygt barnehage- og skulemiljø» i Os kommune er etablert. Sikre at teamet blir nytta på ein god måte.

Analyse og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga:

- Kvar skule vel ut 2 område dei vil følgje opp spesielt.
- Desse 2 områda må skulane rapportere på til skuleeigar.

Skulehelsetenesta er ein sentral støttespelar for elevar, foreldre og skulen sitt personale i elevsaker, og vi skal vidareutvikle dette samarbeidet. Fleire av skulane har fått større helsesøsterressurs frå hausten 2017.

Dialogmøter på alle skular mellom foreldre og skule.

Ressursteam på kvar skule for å sikre god handtering av ulike utfordringar.

Gjere elevane medvitne på kva for medverknad dei har pr. i dag og vidareutvikle arbeidet med å involvere elevane i beslutningsprosessar. Presentere hefte: Elevmedvirkning – å bli inkludert, verdsatt og hørt.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Kapittel 4: Gjennomføring

Målsetting

Elevane i Os kommune skal oppleve meistring og motivasjon gjennom praktisk og variert undervisning.

Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gje elevane utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

Elevane skal utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar for å kunne mestre sine liv og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Fakta

Den nasjonale satsinga ungdomstrinn i utvikling pulje 3 er avslutta, men ungdomsskulane våre held fram med satsinga og vidarefører ressurslærarfunksjonen med egne midlar.

Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1.-4.trinn og forsterkingslærarressursen held fram.

Auka fokus på tilpassa opplæring gjennom praktisk og variert undervisning.

Tiltakspakka «Sjåast i morgon» er eit verktøy for skulane i arbeidet med å auke tilstedeværelse til elevar og for å redusere fråvær og utvikling av skulevegning.

Skulen skal gje den enkelte elev ferdigheiter, kunnskap og haldningar slik at dei kan delta aktivt i samfunnet. Diverre opplever ikkje alle elevar dette. Allereie på tidleg barnetrinn er det elevar som ikkje finn seg til rette i forhold til fagleg meistring og utvikling. Dette kan føre til at elevar går ut av grunnskulen utan tilstrekkelege ferdigheiter og kompetanse til å klare seg gjennom vidaregåande skule.

Tidleg innsats, tilpassa opplæring og vurdering for læring er prinsipp og verktøy som skulane nyttar gjennom heile utdanningsløypa for å ivareta visjonen om at skulen skal gi eit likeverdig opplæringstilbod til alle, uavhengig av evner og føresetnadar. Systematisk kartlegging, vurdering og fagleg rettleiing og elevsamtaler er grunnlag for kunne leggje til rette for tilpassa undervisning for å sikre eit tilfredsstillande fagleg utbytte av opplæringa.

Overgang til vidaregåande skule

Indikatorane for overgang til vidaregåande opplæring gjev informasjon om direkte overgang mellom grunnskulen til vidaregåande opplæring.

Informasjon om overgangar i vidaregåande opplæring kan ikkje seie noko direkte om kor stor andel som kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Fråfall

Fråfallsindikatoren gjev informasjon om den delen som ikkje er i utdanning to år på rad, og han gjev ein indikasjon på den gruppa av elevar som står i fare for å falle ut av utdanningssystemet på relativt varig basis.

Indikatoren for fråfall i vidaregåande opplæring i Noreg tek utgangspunkt i alle som var elevar per 1. oktober eitt år, og kontrollerer for utdanningsstatusten per 1. oktober dei to etterfølgjande åra. Indikatorane på fråfall i

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

skuleløpet er ferdig utvikla, mens indikatorar på fråfall frå læreplassen er under utvikling.

Det er relativt vanleg at elevar og lærlingar har opphald i utdanningsløpet og forsvinn ut av utdanningssystemet frå tid til anna. Nokre av dei kjem raskt tilbake i utdanning igjen, medan andre blir borte i lengre tid eller for alltid. Som teoretisk omgrep vert fråfall som regel nytta om fenomen som kan tyde på at det ligg noko meir alvorleg bak eit opphald i utdanningsløpet.

Fråvær i to år på rad blir derfor kategorisert som fråfall, og indikatoren gjev informasjon om kor stor del av elevgruppa som tilhøyrrer ei særleg utsett gruppe sosialt og økonomisk.

Grunnleggjande ferdigheiter

I Kunnskapsløftet er det definert fem ferdigheiter som utgjer grunnleggjande førestnadar for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Ferdigheite-

Frå Os vidaregåande skule
-Jeg har ikke tall akkurat nå på hvor mange fra Os kommune som faller bort fra Os vgs / elever som kom via grunnskolen i Os. Jeg har tall basert på alle elever, hvor vi ikke har fokus på alle elever, hvor vi ikke har fokus på hjem-kommune. Vi har bare rundt 2% drop-out ved skolen vår (11-12 elever av 460 i fjor) og ca 90% fullføringsgrad (elever som står i alle fag + eksamen), så fullføring på Os vgs er noe av det høyeste i landet - og i hvert fall for en yrkesfaglig skole. Jeg tror knapt det er andre yrkesfaglige skoler som har like gode tall som oss ang. frafall + gjennomføring.
 Elevinspektør Harald Natvik Os vgs

tene er avgjerande reiskap for læring i alle fag og samstundes ein førestnad for at eleven skal kunne vise sin kompetanse.

Lesing, skrivning og munnleg som grunnleggjande ferdigheiter inngår i ein meir omfattande kompetanse som ofte er uttrykt gjennom omgrepet literacy. Tilgangskompetanse eller skriftkyndighet er mulige oversettingar av omgrepet til norsk. Elevane får tilgang til skriften gjennom skulen si begynn-eroplæring. Utviklinga av literacy handlar vidare om å gjere elevane i stand til å lese, forstå, tolke og sjølv produsera eit bredt spekter av tekstar i ulike medier; skriftlege, munnlege og digitale, og etter kvart utvikla seg til sjølvstendige og myndige deltakarar i tekstkulturen. Språkleg kompetanse, forstått som det å kunne kommunisera, samhandla og delta i ulike sosiale fellesskap, vert stadig viktigare for deltaking i samfunnet, noko også Ludvigsenutvalget (NOU 2015:8) peiker på.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Retten til tilpassa opplæring inneber at alle elevar skal kunne oppleve skule-

dagen som fagleg, sosialt og emosjonelt meningsfull. Retten til tilpassa opplæring er ein rett som gjeld alle elevar. Alle elevar skal ha læringsmoglegheiter i den same skulen. Opplæringsloven § 1–3 Tilpassa opplæring og tidleg innsats slår fast at opplæringa skal tilpassast den enkelte elev sine evner og førestnadar. På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørgje for at opplæringa i norsk eller samisk og matematikk har særleg høg lærartettleik. Opplæringa skal særskilt rettast mot elevar med svake ferdigheiter i lesing og rekning.

Tilpassa opplæring gjennomførast ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar, læremiddel samt variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa. Elevane har ulike utgangspunkt, nyttar ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon i forhold til nasjonalt fastsette kompetansemål. Tilpassa opplæring er eit verkemiddel for læring. Det inneber å stille krav og forventningar ut frå den enkelte elev sine føresetnadar

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

for å lære, samtidig som eleven skal oppleve meistring. Tilpassa opplæring for den enkelte elev skjer med variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar, læremidlar samt variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa– progresjon og dybdelæring.

Opplæringslovens § 5-1 *Rettt til spesialundervisning* trer inn når eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. PP-tenesta har ansvaret for å utarbeida ei sakkunnig vurdering. Denne skal mellom anna ta standpunkt til realistiske opplæringsmål for eleven, kva som er eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa og innhaldet i eit forsvarleg opplæringstilbod. PPT si sakkunnige vurdering er eit rådgjevande og saksførebuande dokument som dannar grunnlaget for enkeltvedtaket om spesialundervisning, fatta av rektor.

Opplæringsloven slår fast at elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær tilpassa opplæring, har rett til spesialundervisning.

Det fins god dekning for å hevda at skular som lukkast med tilpassa opplæring i mindre grad har behov for spesialundervisning.

Skjeringspunktet mellom skulen sitt tilpassa opplæringstilbod og retten til spesialundervisning byggjer på faglege vurderingar, men også ein grad av skjønnsvurdering. I dette er samarbeid med PPT, som har faste dagar på den enkelte skule med tid til rettleiing og faglege drøftingar, eit viktig bidrag. Den faglege vurderinga av rett til spesialundervisning blir ivareteke av PPT. Deira vurdering dannar hovudgrunnlag for enkeltvedtaket rektor fattar i saka.

Skulane har fokus på å styrke tilpassa opplæring slik at tal elevar med spesialundervisning kan reduserast.

Tidleg innsats og forsterkingslærarressursen

Tidleg innsats betyr også at det blir sett i gang tiltak for alle elevar, uansett årstrinn, når kartleggingar viser at nye/andre læringstiltak må iverksettjast.

Opplæringsloven fastslår at skuleeigar skal sjå til at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk på 1. til 4. årstrinn mellom anna betyr særleg høg lærertetthet, og er særskilt retta mot elevar med svake lese- og rekneferdigheiter.

Tidleg innsats er et vidt omgrep. I opplæringslovens §1-3 er det retta særskild merksemd mot grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning på 1.-4.trinn. Barna sine sosiale og språklege ferdigheiter ved skulestart har stor betydning for læringsutbytte i skulen. Det er klar samanheng mellom språkforskning og leseferdigheiter dei første skuleåra. Det er avgjerande at barna som strevar blir fanga opp og får hjelp og støtte. Gode overgangar

mellom barnehage og skule og som involverer foreldre er eit sentralt tiltak.

Tidleg innsats er innafor ramma for tilpassa opplæring og utløyser ingen individuelle rettar. Det er ei lovfesta plikt å få på plass tiltak retta mot elevar som strever med lesing og rekning, slik at dei får styrka dei grunnleggjande ferdigheitene.

Det blir gjennomført obligatoriske nasjonale kartleggingsprøvar i lesing for 1.-3.trinn og rekning for 2.trinn. Resultata frå desse prøvane gir skulane og skuleeigar eit grunnlag på eit tidleg tidspunkt for å kunne iverksetje tiltak for elevar som skårer under bekymringsgrensa eller som gjennom anna kartlegging viser svake resultat. Resultata frå kartleggingsprøvene på småskuletrinnet er ikkje offentlege, dei er kun meint som hjelp for den enkelte skule i arbeidet med å fange opp dei elevane som treng ekstra oppfølging i lese- og rekneutviklinga.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

- Eg blir rørt av å snakka om det

+ I haust fekk barneskulane inn forsterkingslærarar på andre og tredje trinn. Alt no meiner lærarane å kunna sjå positive resultat.

01.12.2016 kl 13:00 (Oppdatert: 21.06.2017 kl 17:14)

 **Benjamin Sognen**
Os
Tlf: 951 82 381



: Forsterkningslærar ved Os barneskule, Elin Grimastad, saman med fungerande rektor Renate Onstad og kontaktlærar Lise Hofland

I samband med prosjekt Betre læringsresultat

Os og Fusaposten 1. desember 2016 (lenke)

Forsterkingslærarressursen

Gjennomføring og oppfølging av resultatata frå kartleggingsprøvene er tema på ulike møtepunkt og nettverk i kommunen. Forsterkingslærarressursen er viktig i arbeidet med tidleg innsats. Gjennom prosjekt Betre læringsresultat har vi fått midlar til å satse på tidleg innsats gjennom forsterkingslærarressursen.

Ressursen skal nyttast til ekstra pedagogstilling som skal forsterke under-

visninga i lesing og rekning på småskuletrinnet, 1.-4.trinn. Pedagogen skal følgje opp dei elevane som treng støtte for få ei god og tilfredsstillande utvikling i lesing og rekning. Den forsterka ressursen skal leggje til rette for tilpassa undervisning utifrå det behovet som ligg føre. Det vil vere;

- å forebygge vanskar
- følgje opp kartleggingsresultat
- leggje til rette for individuell-/ gruppeoppfølging
- planleggje/ gjennomføre særlege

kurs for aktuelle elevar etter kartlegging og elevvurdering

Den forsterka undervisninga er ikkje spesialundervisning. Er det elevar som treng meir spesifikk hjelp må foreldra bli kontakta og PPT vil bli kopla på etter dei rutinane som gjeld for oppmelding til PPT.

Elevane på 1.-3.trinn har obligatorisk kartleggingsprøvar frå udir kvar vår. Frå og med hausten 2016 vil vi ha

talgrunnlag i Vokal som gjer det mogleg å få ein oversikt over korleis utviklinga til elevane er frå 1.trinn til NP 5.trinn i lesing og rekning.

Meistringsteamet

Det overordna målet i Meistringsteamet sitt arbeid er å få elevane til å mestre skulekvardagen og å vere ein del av skulefellesskapet. Meistringsteamet arbeidar difor i særleg grad med å forebygge fråvær. Vi arbeider for at skulen skal vere ein arena for fagleg

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

utvikling og læring, samt ein arena for sosialt fellesskap. For å nå desse måla har Meistringsteamet varierte oppgåver. Dei er ei operativ teneste, som inneber å vere tett på elevane, der dei er; på skulen, i friminutta og i klasserommet. Meistringsteamet arbeider med enkeltelevar, grupper og heile klassar.

Frå skuleåret 2017/18 er Meistringsteamet utvida til å gjelde barneskulen (5.-7.trinn). Tiltaka har vore varierte, men samstundes nokså lik som tidlegare år. Lista er ikkje uttømmende: Henting av elevar heime, møte elevar til første time på skulen og sjå til at dei kjem seg inn i klasserommet. Arbeid med fag og tilrettelegging, leksegjering, førebu prøver, støtte under tentamen/eksamen. Samtale om og kartlegging/observasjon av elevane sitt klassemiljø, sine relasjonar til viktige andre, si psykiske helse og psykososiale miljø på skulen, trening og fysisk aktivitet som erstatning for/ i tillegg til kroppsøving

eller valfag. Observasjon og kartlegging av klassemiljø og gjennomføring av tiltak for å betre dette. Rettleiing til lærarar, føresette og rettleiing til elevar

i høve sosiale ferdigheter. Koordinering av saker opp mot andre fagtenester og samarbeid med aktuelle fagtenester. Samarbeid med vidaregåande skule for

å best mogleg tilretteleggje for elevane våre der og for å førebyggje «dropout». Samtalegrupper, saman med helse-søster, for alle 9.klassejenter på ein ungdomsskule og samtalegrupper, både for jenter og gutar i utvalde klassar.

Praksisforteljing:

Det er torsdag. Eg møter han om morgonen. Er du klar i dag, spør eg. Ja, seier han klart og smiler. «Eg har gleda meg heile veka».

I andre time møter vi han og fire andre gutar, slik vi gjer kvar veke. Dei er stille, seier ingenting. Ser ned i mobilane sine. Vi drar vekk frå skulen, til Varaffell. Mobilane blir lagt vekk. Dei byrjar å prate saman, tulle og le høgt. Matematikk og norsk er bytta ut med bordtennis, brettspel, leik og musikk. Vi et lunsj og pratar. Gutane vil gjerne vere her lenger. Her har dei vener, her er dei en del av eit fellesskap. Her tør dei prate med kvarandre og vere seg sjølv. «Vil du vere med meg heim etter skulen i dag?». Guten eg møtte i dag tidleg, lyser opp. Eit lite spørsmål, som betyr så uendeleg mykje.

Vi kjører dei attende til skulen når tida er over. På vegen tilbake blir dei stille. Praten stoppar. Mobilane blir tatt fram igjen og dei gjer seg klare for gli inn att i mengda.

Vi står att og tenker i enda større grad enn før, at skulen er ikkje berre ein arena for fagleg utvikling. Skulen er også ein arena for tilhørighet, ein arena for fellesskap og ein arena der venskap blir danna.

Merete Lekven, Meistringsteamet

«Sjåast i morgon» (SIM)

Tiltakspakka «Sjåast i morgon» (SIM) er eit viktig bidrag til skulane for å kome tidleg i dialog med føresette til barn som har eit fråvær som skulen er bekymra for. Dette er eit område der vi i Os kommune har eit forbettrings-område.

Vi ønsker at denne tiltakspakka skal brukast aktivt på alle skulane i Os kommune, og at skulane får gode rutinar til å fange opp potensielt bekymringsfull fråværsproblematikk, og i tett dialog med eleven og dei føresette hindre at dette får utvikle seg. Det ligg eit stort ansvar på oss som skuleeigar at vi følgjer opp skulane i

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

dette arbeidet, kvar enkelt elev er unik og skal vera sakna når han/ho ikkje kjem på skulen. At skulen anerkjenner foreldre/føresette som viktig samarbeidspart, er ein føresetnad for at vi skal lukkast i dette arbeidet.

Rettleiaren peikar på at skulane må ha gode rutinar for fråværsregistrering og ein eigen handlingsplan for korleis ein går fram ved handtering av fråværet på den enkelte skule. Rektor har eit ansvar for at desse rutinane blir følgt av alle tilsette på skulen.

Alle skulane har fått støtte i innføringa av denne nye tiltakspakka.

«Sjåast i morgon» vil bli presentert på alle foreldremøta og for elevane på alle skulane. Denne tiltakspakka er til god hjelp i arbeidet med å handtere og følgje opp fråvær.

Praksisforteljing frå ein skule:

Skulen var bekymra for ein elev med mykje fråvær. Fråværet hadde auka på, og lærar var bekymra for fagleg framgang. I samråd med foreldra kartla lærar korleis eleven opplevde skulekvardagen, samt korleis foreldra vurderte det. Dette vart gjort med utgangspunkt i SIM-mappa, og «mal for kartleggingssamtale». Klassen hadde og uttrykt bekymring til lærar for korleis eleven hadde det.

I samtale med eleven kom det fram at han opplevde det einsamt på skulen, men kjende seg ikkje direkte utestengd frå fellesskapet. Det var ingen som plaga han, verken til/frå skulen eller på skulen. Likevel opplevdes det vanskeleg å snakke med dei andre, og det var få som tok direkte kontakt med han for leik eller anna. Det kom ikkje fram informasjon om spesielle belastningar på heimefronten, og når eleven var heime frå skulen, hadde foreldra avgrensa bruken av film/tv, data, osv.

Saman med foreldra og eleven vart det vurdert at det verka som om det var behov for meir trygging i klassefellesskapet, og at låg følelse av tilhørigheit kunne vere ein oppretthaldande faktor for fråværet (faktor 2 jf SIM-mappa). I tillegg var det få faglege krav til eleven når han var heime (mogleg faktor 4).

Lærar sette på bakgrunn av denne vurderinga inn tiltak med mål om å auke eleven si oppleving av tilhørigheit i klassen, som både involverte eleven sjølv og medelevane. Dette i form av planlagde aktivitetar og oppgåver i ein del av friminutta. Lærar følgde opp eleven med samtalar ved behov, men fokus var på å inkludere i fellesskapet. Viss eleven var heime, vart det i samråd med foreldra stilt krav om fagleg innsats, for å sørgje for at eleven haldt klassen sin faglege progresjon.

Resultat: markant lågare fråvær, samt høgare trivsel.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Skulefritidsordninga (SFO)

Både sentrale myndigheiter, kommunar og ei rekke skular og skulefritidsordningar er opptekne av at omfanget, breidda og variasjonen i SFO-tilbodet kan ha betydning for kvaliteten i SFO. Innhaldet i SFO er avgjerande for at SFO ikkje skal bli ein oppbevaringsplass for ungane, men tilføra noko til barna si utvikling og meistring. I SFO-kvardagen legges det til rette for ei rekke aktivitetar, som mellom anna omfattar fysisk aktivitet og friluftsliv, kulturelle aktivitetar, leik og sosial læring, læringsstøttande aktivitetar og måltid. SFO er eit tilbod for alle barn, også barn med særskilte behov. Opplæringsloven § 13-7 slår fast at kommunen skal ha eit tilbod om SFO for barn med særskilte behov på 1.-7. trinn. Det inneber at SFO også skal tilrettelegge aktivitetar ut frå barn sin alder og funksjonsnivå.

Skulefritidstilbodet er en unik arena for å gje barn med ulik alder og forskjellige føresetnader moglegheit til å gjere

ting saman. I skulefritidsordninga skal elevane oppleve meistring i eit miljø prega av omsorg og tryggleik. Tilsynet skal vere så godt at dei føresatte er trygge på at sikkerheit blir ivaretatt.

Skulefritidsordninga, det vil seie eleven si fritid på skulen, skal så langt som mogleg ta utgangspunkt i elevane sine eigne ønsker og behov og tilrettelegge i samsvar med dette.

Gjennom leik, kultur, idrett og friluftsliv, samt omsorg og tilsyn skal skulefritidsordninga vere ein arena for oppleving, allmenndanning og læring. SFO kan vere ein god arena for inkludering og samarbeid mellom alle elevar.

Våren 2016 gjennomførte Os kommune ei brukarundersøking for SFO, Kvalitetskartlegging av kommunale tenester. Hensikta med brukarundersøkinga for SFO er at kommunen skal kunne følgje med i eiga kvalitetsutvikling, ha eit verktøy som kan bidra til brukardialog

og samstundes kunne samanlikne seg med andre kommunar.

Formålet er å få eit bilete av kvaliteten på tenesteytinga slik brukaren opplever det.

Etter gjennomføringa analyserte og reflekterte SFO-personalet og rektor over eigne resultat.

Vi hadde eit fellesmøte for alle SFO-leiarane og rektorane der alle la fram plan for oppfølging på eigen SFO. Skulane valde ut sine område som skulle styrkast. Resultata vart presenterte for foreldra på eit foreldremøte.

Os kommune vil gjennomføre ny brukarundersøking våren 2018. Innan den tid skal vi ha felles rutine for gjennomføring, analyse og oppfølging av resultatata. Vi vil sikre at det blir invitert til eit dialogmøte mellom SFO og foreldre som eit ledd i oppfølginga av brukarundersøkinga.

Det er fleire aktørar inne på «SFO markedet» i Os kommune. Idrettslag og Osbadet er nokre av dei. Vi ser at fleire elevar vel andre aktørar enn Os kommune sitt SFO-tilbod. Det har vore viktig å få fram kvalitetsarbeidet i våre SFO-ar. Nye vedtekter for SFO blei vedtekne i desember 2016. Arbeidet med kvalitet i SFO held fram skuleåret 2017-18.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Tal born på SFO pr. august 2017

Trinn	Tal elevar totalt	Tal elevar med SFO plass	Prosentdel av elevar
1. trinn	317	261	82%
2. trinn	330	247	75%
3. trinn	312	179	57%
4. trinn	342	85	25%
5.-7. trinn, elevar med særskilte behov		8	



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Praksisfortelling: »Huset med det rare i» kunstutstilling på Kuventræ SFO

Bakgrunn for prosjektet:

- Har mange kreative vaksne som vi ynsker nytte bette til glede for alle borna på SFO
- Ønsker å Jobbe meir på tvers av gruppene, både born og vaksne
- Vise fram kva vi gjer på SFO og ungane få vise kva dei har laga i ei utstilling
- Vi starta å jobbe i januar og holdt på i 4 veker fram til utstilling 25 januar

Aktivitetar: Male med pensel, kullstifter, ull, trykk, laga drømmefanger av rekved og perler, laga verdensrommet, laga av blikkbokser, skruer o.l. Bygge utstilling av pluss-pluss og klossar, dette gjorde vi den siste veka. Bake (cakepops) og sjokoladekjeks til kakebordet

Organisering: 3 til 4 dagar i veka var det grupper på heile huset som ungane kunne velge å delta på, nokre elevar laga mykje og nokre lite. Nokre aktivitetar hadde vi kvar dag på gruppene på SFO. Alle ungane skulle klippe ut hendene sine på farga papir som skulle bli eit felles bilete, ellers var det frivillig om dei ville laga noko meir.

Så kom endeleg dagen. Vi inviterte lærarar, foreldre og besteforeldre til vernissasje. Gjestane vart ønskt velkomen med velkomstdrink i døra av dei eldste elevane, som og viste dei rundt og fortalte om utstillinga. »SFO-koret» heldt 2 konsertar (3 songar og 1 blokkfløytenummer) på 2 annonserte tidspunkt under utstillinga. På utstillinga var det kullstift- bilete og måleri, utstillingar laga av klossar, pluss-pluss, »draumefangarar«av rekved og ei eiga romverd laga i eit rom med dempa belysning kor borna hadde laga rakettar, romferger, månebilar og romvesen.

Det var kakebord med godsaker som dei ansatte og elevane hadde laga.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

» Huset med det rare i « vart på alle måtar eit svært vellykka prosjekt og med ei svært vellykka utstilling som avslutning.

Noko av det kjekkaste var å sjå kor stolte ungane var over å visa foreldre, lærarar, besteforeldre og søsken kva dei har laga og vore med på. Det har vore gjevande for både borna og vaksne å jobba på tvers av gruppene og over lengre tid med prosjekt som dette.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Ungdomstrinn i utvikling (UIU)

I perioden 2013-2017 er det ei nasjonal satsing på ungdomstrinnet, «Ungdomstrinn i utvikling». Satsinga involverer alle lærare på ungdomsskulen.

Os kommune var i pulje 3 og avslutta prosjektperioden i desember 2016. Begge ungdomsskulane våre hadde «Lesing i alle fag» som satsingsområde.

Målet med satsinga:

- Alle skal bli inkludert og oppleve meistring
- Alle skal mestre grunnleggjande ferdigheiter
- Alle som er i stand til det skal fullføre vidaregåande opplæring
- Utvikle skulen sin praksis innanfor klasseleiing, rekning, lesing og skrivning
- Gjere undervisninga meir praktisk, variert, relevant og utfordrande i alle fag
- Vidareutvikle skulen som lærande organisasjon

- Fokus: Meir og betre læring for alle elevar

Ungdomsskulane våre melder tilbake om ein lærerik prosjektperiode. Skulane har hatt strukturerte og systematiske planar for fellestid med mål og delmål, ansvar og oppfølging. Det har vore fokus på mellom anna at alle lærarar er leselærarar, baklengsplanlegging, ny tentamensordning, dialogmøter med foreldre, Lesson study, varierte undervisningsformer, før-undervegs og etter lesingstrategier, lærestrategier og lærande møter. Skulane fekk midler til ein 20% ressurslærarstilling og denne stillinga vil bli vidareført.

Ungdomsskulane vil halde fram med denne satsinga.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Overgang til vidaregåande skule og Samarbeid mellom Os kommune og Os vidaregåande skule

Os kommune og Os vgs samarbeider på en rekke områder med mål om å sørge for at elever får en god overgang fra grunnskolen til vidaregåande – og at de får en god oppfølging som elev og ungdom hos oss og i kommunen. Dette sørger igjen for at elevene har gode muligheter for å gjennomføre sitt valgte utdanningsløp hos oss og går ut i læretid med mål om fagbrev og en fremtid innenfor en rekke yrker som vårt samfunn har behov for. Vi ønsker ikke bare å ha en rolle i skape gode fagfolk ved Os vgs som kan stå i yrket i mange år, men også gode samfunnsborgere som kan bidra positivt i vår kommune.

De siste to årene har Os vgs og Os kommune satset på å utvide helse

søster sin stilling ved skolen til 80% og hennes rolle ved skolen – og også som et bindeledd mellom vgs og Os kommune – har vært særst viktig for skolen og elevene våre. Os vgs har rundt 450 elever (inkludert ca 100 hybelbeboere) og en rekke av dem har tunge helsebehov – både fysisk og psykisk. Helse-søster er fast medlem i ressursteamet vårt og har en sentral rolle i ulike ansvarsgrupper for elevene. Vi har få elever som bor i andre kommuner og som pendler til Os kommune. Vi mener det er viktig for Os kommune, akkurat som for oss som skole, at vi kan ivareta elevene som går ved skolen vår både faglig og helsemessig.

I tillegg til ordinære og årlige overføringsmøter med ungdomsskolene i vår kommune, startet vi opp med overføringsmøte med mestringsteamet i Os kommune

i fjor. Dette tiltaket ble en suksess og viser hvor viktig det er at kommunen og vidaregåande samarbeider og kommuniserer. Vi fikk god og konkret informasjon fra mestringsteamet om 6 elever som hadde søkt seg inn ved Os vgs og det gjorde at alle seks elever fikk en god skolestart og fullfører i år VG1 med vurderingsgrunnlag og lite fravær. Dette var elever som hadde trengt ekstra oppfølging på ungdomsskolen mht fravær og sviktende motivasjon. I tillegg til dette møtet juni 2016, hadde vi et oppfølgingsmøte september samme år hvor vi diskuterte skolestarten til elevene og hva vi så av utvikling. I 2017 fortsetter vi med et møte med mestringsteamet i Os kommune mai/juni og et oppfølgingsmøte høsten da erfaringene fra i fjor tyder på at begge parter – og ikke minst elevene – har alt å tjene på dette.

Vårt samarbeid med Os kommune har blitt utvidet dette skoleåret og inkluderer per dags dato følgende:

- Helsesøster ved Os vgs 4 dager i uken
- Ordinære overføringsmøter v/ rådgivere
- Møte med Os mestringsteam før og etter skolestart
- Ansvarsgrupper rundt elever med div. etater representert
- Rus-samarbeid med en rekke etater to ganger i året
- Infomøte om elever (søkt inn ordinært) august 2017
- Samarbeidsmøter med NAV ang. elever med behov for varig tilrettelagt yrkesliv

Vi starter også opp et nytt tiltak høsten 2017 hvor Os vgs og representanter fra ungdomsskolene i

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Os møtes for et større overføringsmøtet ang. elever som er søkt inn ordinært, men hvor skolene har sendt infoskriv ang. spesialundervisning, tilrettelagt undervisning eller annet. Ved å ha et større generelt overføringsmøte ang. elever som vi vanligvis bare får begrenset skriftlig informasjon om, via et infoskriv, tror vi at overføringen av elevene fra ungdomsskole til vgs blir enda bedre.

I januar 2017 og mars samme år hadde vi også et møte om rus-samarbeid i kommunen. Disse to møtene ble avholdt ved Os vgs og inkluderte representanter fra begge videregående skolene i Os, div.etater ved Os kommune: politi, helsevesen, utdanning. Vi viderefører også dette samarbeidet dette året med mål om møter høsten 2017 og oppfølgingsmøte våren 2018. Erfaringsmessig er saker som

involverer rusproblematikk noen av de vanskeligste og tyngste vi må håndtere og det er viktig å jobbe både preventivt og individ-rettet både i kommunen og i fylkeskommunen. Vi har derfor utarbeidet enda flere rutiner når det gjelder rusproblematikk, fått en kjentmann-kvinne ved skolen, tatt opp tema som taushetsplikt i forhold til HMS-krav ved en yrkesfaglig skole med tunge kjøretøy og tatt initiativ til å starte et samarbeid med Os kommune.

Til høsten vil Os vgs dessuten kunne tilby opp til 300 elever gratis skolefrokost to eller tre dager i uken via midler fra fylkeskommunen og vi håper og tror at dette vil virke helsefremmede for elevene våre. Vi har også gjennomført en rekke sosiale tiltak ved skolen for å sørge for god trivsel, inkludert lunsj-quiz med premie, volleyball – og fotball

turnering høsten og våren, ukentlige klassemøter med fokus på div. tema, kursing i psykisk helse klassevis og gruppetilbud (SMART) m.m. Vi har også jobbet for å bli en baseskole for psykologene fra opplæringsavdelingen som skal jobbe mot frafall, og har per dags dato 1 psykolog ved oss to dager i uken via fylkestingets midler.

Selv om Os vgs er en skole i regi av HFK, er det lite tvil om at vår tilstedeværelse i Os kommune er viktig for kommunen vår. Den jobben vi gjør hos oss, har ringvirkninger lokalt i kommunen. Vi håper å kunne fortsette vårt gode samarbeid med Os kommune i årene som kommer og vårt utvidede samarbeid har bare fungert positivt overfor oss som skole og våre elever. Samfunnsøkonomisk tjener dette både fylkeskommunen vi jobber for og kommunen vi kaller

vårt hjem.

Elevinspektør Harald Natvik

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Resultat

Gode grunnskulepoeng og lite «dropout» i vidaregåande skule er indikatorar på at Os kommune er på rett veg. Vi trur at dette er resultat av eit godt arbeid ved skulane våre.

Suksessfaktorar

Godt samarbeid på tvers mellom administrasjon, skular og fagtenester er med å løfte resultat.

Aktiv oppveksteigar frå politisk nivå som viser interesse for kvaliteten i skulen. God dialog og gode møtepunkt på alle nivå.

Langsiktige satsingsområder i tråd med nasjonale føringar.

Satsing på tidleg innsats gjennom forsterkingslærarressurs på småskuletrinnet.

Utfordring

Sikre nødvendig kompetanse i begynneropplæringa for tidleg å fange opp og leggje til rette for naudsynte tiltak for dei som er i risiko.

Oppretthalde lågt fråfall.

Sikra at alle skular har gode rutiner for handtering av fråvær.

Følgje opp resultat frå brukarundersøkinga. Brukarundersøkinga skapar ei forventning om endring.

Plan for overgangar for barn og unge må vere kjent for alle tilsette i Oppvekst og kultur.

Plan for oppfølging

Tidleg innsats – forsterkingslærer: Halde fram satsinga skuleåret 2017-2018 med nettverk, kompetanseheving og ulike møtepunkt.

Fråfall: Formalisera samarbeidet mellom Os kommune, Os gymnas og Os Vgs og Meistringsteamet.

SIM: Sikra og etterspørre skulane sitt arbeid med denne tiltakspakka: Sjåast i morgon. Få til ei god involvering av elevar, føresette og andre vaksne rundt eleven.

«Plan for overgangar for barn og unge»: Revidering for å sikre at helseperspektivet blir ivareteke ved overgangar.

Meistringsteamet: Meistringsteamet er organisert under fagsjef for skule og har frå skuleåret 2017/18 også oppgåver på mellomtrinnet.

SFO:

- Ny brukarundersøking våren 2018.
- Utgreiing av nye opningstider i SFO.
- Tett samarbeid med Varafjell vedrørende SFO tilbod for elevar med særskilte behov på 5.-7.trinn

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Del 3: Oppveksteigar

Målsetting:

- Os kommune skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lover og forskrifter vert overholdt. Dette er heimla i opplæringslova § 13-10 og barnehagelova § 7.
- Overordna mål for det nasjonale systemet for kvalitetsvurdering er å bidra til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa og auke læringsutbytte for den enkelte elev.
- Oppfylle nærskuleprinsippet i opplæringslova.
- Oppfylle retten til barnehageplass.
- Sikre eit barnehagetilbod med høgare kvalitet.
- Tidleg innsats i barnehage og skule som sikrar at barn i Os når sitt potensi- sale for læring.
- Tidleg innsats for å sikre at barn ikkje veks inn i større vanskar.

Fakta:

- Rådmannen har satt i gong ei satsing på kvalitetsarbeid i Os kommune.
- Vi avsluttar i haust eit oppveksteigar og oppvekstleiarprogram i Midthor- daland kompetanseregion (OU-programmet), etter 4 år.
- Oppveksteigar arbeider saman med plan og utvikling for å følgje folkevekst og planarbeid for å leggje til rette for bustadsutbygging i Os kommune.

Både politikarar, administrativ skuleeigar og den enkelte eining har eit felles ansvar for å vurdere og følgja opp kvaliteten og resultatata.

For å ha eit samla bilete av oppveksteigars felles satsingar på skuleområdet, visar vi til kapittel 2,3 og 4 under skule. På barnehageområdet eig vi 2 barnehagar og

deira satsingar blir spesielt trukke fram her.

Os kommune er i ferd med å anskaffe eit overbyggjande kvalitetsverktøy. Dette vil mellom anna innehalde prosessverktøy, rutineskildringar, avvikshandtering, eigenkontroll og internrevisjon. Som ein start på dette arbeidet har alle skulane og kommunale barnehagane starta arbeidet med å gjennomføre risikoanalyse. OU-programmet har vore eit leiartreningsprogram for godt eigarskap, godt leiar- skap, og godt medarbeidarskap i barnehage og skule. KS konsulent i samarbeid med Høgskulen har vore fagleg ansvarleg. Vi har no starta deltaking i eit nytt leiarutviklingsprogram i regi AFF saman med alle leiarar i Os kommune. Leiar- gruppene i skule og dei kommunale barnehagane er deltakarar i programmet og har fokus på utvikling i eiga eining.

Os kommune har ein sterk folkevekst og vi har auke i barnetal og elevtal frå år til år. Vi ønskjer å vere i forkant for å sikre at vi har tilstrekkeleg kapasitet i skulebygga. I haust opna vi Lunde barneskule, vi arbeider med å få på plass nytt gymnastikk- og kulturbygg ved Os ungdomsskule og vi planlegg ny barneskule «aust om elvo». Plassering av ein ny ungdomsskule er og eit sentralt tema. Skule- bruksplanen omhandlar desse tema.

Kvalitetsplan

Kvalitetsplan for oppvekst og kultur er vidareført utover planperioden. Mål og visjonar er fortsatt gjeldande for felles satsingar på tvers. Realisering av mål er tema i felles strategisamlingar med førebyggjande helse, barnevern, PPT skular og alle barnehagane (uavhengig av eigar).

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Barnehage

Os kommune har to barnehagar, Os barnehage og Lysekloster barnehage. I dette kapitlet blir det gitt ein kort status av den kommunale drifta sett frå eit eigarperspektiv.

Os barnehage har vore i drift frå 01.03.2011. Barnehagen har 7 avdelingar; 2 for små barn og 5 for store barn. Barnehagen har 15 plassar på kvar av småbarnsavdelingane og totalt 101 plassar på dei 5 store avdelingane. Bemanning er på 26 årsverk, inkludert styrar og assisterande styrar. Barnehageåret 2017-2018 har vi også 5 lærlingar.

Fokus for barnehageåret 2017-2018:

- Implementere ny rammeplan
- Vidareutvikle samarbeidet med Lysekloster barnehage.
- Arbeide med «den røde tråden» i barnehagen – fokus på månadsplan og felles innhald.
- Arbeide førebyggjande med det sosiale miljøet i barnehagen og forhindre at «uheldige samspillsmønstre» får utvikle seg.
- DUÅ (dei utrulege åra): Arbeide vidare med metodikken. Kan koblast til foredrag frå «forandringfabrikken» på felles oppstartssamling i august.

- Språkløyper – fleire moduler er implementert og er eit godt reiskap for personalet.

Os barnehage tar i mot studentar frå Høgskulen på Vestlandet, elavar frå vidaregåande skule og ungdomsskulegutar som leikeressurs.

Lysekloster barnehage blei etablert som kommunal eigd barnehage i 1994. I perioden 1997 - 2010 var barnehagen del av eit barnetun, der Lysekloster skule, SFO og barnehagen hadde same leiing. Hausten 2010 vart barnetunet oppløyst og barnehagen var igjen eiga eining.

Barnehagen har 4 avdelingar, der to er for barn i alderen 1-3 år, og to for barn i alderen 3-6 år. Barnehageåret 2017/2018 er det totalt 70 barn i barnehagen.

Vi har ei bemanning på 15 årsverk, inkludert styrar. Inneverande barnehageår har vi i tillegg tre lærlingar. I løpet av hausten skal vi ta imot to ungdommar frå Os og frå Fusa Vidaregåande skule.

Fokus for barnehageområdet 2017-2018:

- Ny rammeplan, og årsplanarbeid knytt opp mot denne
- Som alltid: Uteliv og naturen rundt oss
- Etterrettleiing etter ferdig opplæring i DUÅ
- Vidare arbeid med Språkløyper
- Leiing for kvalitet – «den røde tråd», knytt opp mot temaarbeid



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Halde fram med og utvikle vidare:

- Kontakt og samhandling med tilsette i barnehagane
- Halde fast ved etablerte treffpunkt for å sikre jamn og oppdatert informasjonsflyt
- Halde fristar
- Vere profesjonell i sakshandsaming, i møtepunkt og informasjonshandtering
- Ha open og ryddig dialog om kor vi er i ulike prosessar
- Ha fokus på målet
- Gjere oss nytte av gode råd frå andre
- Ta imot tips og triks frå andre kommunar
- Nytte Fylkesmannen i Hordaland for avklaring og råd
- Bidra med erfaringsdeling for å sikre eit betre regelverk på barnehageområdet

Barnehageområdet er i kontinuerleg endring når det gjeld rammer og regelverk. Dette krev tett oppfølging og samhandling med barnehagane. Tal frå barnehagane vert rapportert i BASIL (Nasjonalt innrapportering for barnehagar) 15.12 kvart år. Resultat vert presentert i portalen Barnehagestatistikk på bakgrunn av desse tala og ein kan hente ut og samanlikne tal frå heile Norge.


Barnehagefakta presenterer relevant og påliteleg informasjon om norske barnehagar, og er primært retta mot føresette som ønskjer å orientere seg i barnehage tilbudet før dei skal søkje barnehageplass. Tal i barnehagefakta er basert på opplysningar som barnehagane sjølv rapporterer inn i desember kvart år og tala vert kvalitetssikra av kommunen og Utdanningsdirektoratet. Resultat frå Utdanningsdirektoratets Foreldreundersøking vert også presantert her for dei av barnehagane som har gjennomført den.

Nøkkeltal om barnehagane kan være nyttige både for føresette til barn i barnehagen og for andre med interesse for barnehagar.

Tal i Barnehagefakta vert rapportert inn årleg, og det er viktig å være merksam

på at situasjonen kan ha endra seg sidan tala vart rapportert inn.

Tal frå eit samla barnehageområde i Os kommune



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Skule

Os kommune har 10 barneskular og 2 ungdomsskular. Alle skulane har læringsmiljø og lesing- og skriving som grunnleggjande ferdigheit som felles satsingsområde. Satsingsområda er på agendaen i ulike møtepunkt og nettverk gjennom skuleåret. I Tilstandsrapporten kap 2. Resultat, 3. Læringsmiljø og kap. 4. Gjennomføring blir dei ulike satsingsområda presenterte.

Gjennom Prosjekt Betre Læringsresultat (BLR) har vi ein aktiv og god dialog med politisk nivå. Gjennom tildelte BLR midlar og nasjonale satsinger har vi fått på plass ei satsing på tidleg innsats i alle barneskulane våre med øymerka midlar og føringar for forsterkingslærefunksjonen. Tidleg innsats blir tett følgt opp gjennom dialogmøter mellom skuleeigar og rektor og på nettverk for forsterkingslærarane og rektor i regi skuleeigar. Vi har stor tru på at denne satsinga vil redusere tal elevar på meistringsnivå 1 på Nasjonale prøvar

og at fleire elevar får tilpassa opplæring og opplever motivasjon og meistring i skulekvardagen.

Elevundersøkinga vert gjennomført på alle trinn frå 5.-10trinn. Nytt frå skuleåret 2017-2018 er at skulane skal velje ut to område i denne undersøkinga som dei skal ha ekstra fokus på gjennom skuleåret. Skulane vil i tett dialog med skuleeigar gjennomføre analyse og oppfølging av resultat og utarbeide ein plan for dei to satsingsområda skulen har valt ut. Dette vil bli rapportert på i tertialrapporteringa.

Denne tilstandsrapporten inngår i system for skulebasert vurdering i Os kommune. I tillegg til denne tilstandsrapporten rapporterer skulane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar. Skulebasert vurdering er skulane si vurdering av organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa på skulen. Skulen ska vurdere i kva for grad desse faktorane medverkar til

at elevane når måla i Kunnskapsløftet (K 06) og opplever motivasjon og meistring. Gjennom ansvarsdialog og andre samhandlingsarenaer vert skulebasert vurdering drøfta.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Forsvarleg system - internkontroll i barnehage og skule

På denne sida ser de ein skjematisk framstilling av systemet vi har i barnehage og skule: barnehagebygg og innan barnehageområdet ønskjer vi å ha spesiell merksemd på utviding av Lysekloster barnehage gjennom å sette i stand ledige lokaler etter at SFO flyttar ut. I tillegg opnar det ei ny FUS barnehage på Nore Neset i 2018. Barnehageplan vil bli lagt fram for politisk handsaming vinteren 2018.

SYSTEM FOR OPPFØLGING OG INTERNKONTROLL VED KOMMUNALE BARNEHAGAR OG SKULAR

Tema	Dokument	Tiltak
Ansvarsliner mellom nivå	Organisasjonskart Delegasjonsreglement, myndighetsfordeling	
Styringsdokument	<p>Kommune:</p> Kvalitetsplan for oppvekst og kultur Budsjett (inkludert avgiftsbudsjett): Skulebruksplan SFO-vedtekter Plan for overganger	Modell for ressursfordeling
	<p>Nasjonalt:</p> Rammeplan barnehage Kunnskapsløfte Opplæringslova Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehagemiljø, skolemiljø, mobbing og andre krenkelsar (Udir)	
Rapportering	Tertialrapportar Tilstandsrapport Rapportering nasjonale prøver (jf. rutine) Rapportering elevundersøking Rapportering barnehagestatistikk (Basil)	
Leiing		Ansvarsdialog
Kvalitetsvurdering	Refleksjons- og prosessverktøy Tilsynsrapport	Ståstadsanalyse Gjennomføring av tilsyn
Kompetanseutvikling	Kompetansestrategi for Os kommune Kompetanseplanar på einingane Satsingar nasjonalt og lokalt	Rektorskulen, styrarutdanning, vidareutdanning for lærarar, felles utviklingsdagar, leiarsamlingar, strategisamling oppvekst og kultur, oppveksteigar / oppveksteiar program, kurs for assistentar/fagarbeidarar



RUTINAR		Ansvarleg:
Elektronisk arkivering:	Elektronisk Individuell opplæringsplan (IOP) Individuell Plan (IP)	Rektor (IOP)/Koordinator (IP)
Gjennomføring, analyse og oppfølging av:	Kartleggingsprøver 1.-4.trinn	Rektor
	Nasjonale prøvar	Rektor
	Elevundersøkinga	Rektor
Samarbeid med fagtenestene:	Møtepunkt	Einingsleiarar fagtenestene/rektor
Kapittel 9A Elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø:	Førebyggje, handtere, møte og setje inn tiltak Risikovurdering, internkontroll og aktivitetsplikten	Rektor/fagsjef skule
Oppfølging og handtering av fråvær:	Elektronisk fråværsregistrering for elevar	Rektor
	Tiltakspakka: Sjøast i morgon	Rektor og skulefagleg rådgjevar
Oppfølging nasjonale indikatorar og nøkkeltal:	Kostra	Rektor/rådgjevar
	GSI, Basil	Styrrar skule og barnehage
Arkivere elevresultat i Vokal		Rektor
Nytte PULS til analyse, refleksjon og presentasjon av resultat		Fagsjef skule/barnehage/rektor
Plan for overgangar for barn og unge		Barnehagestyrrar/rektor

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

DIALOG

Faste møtepunkt

Møtepunkt mellom politisk og administrativ oppveksteigar:

- Tenestetval/Kommunestyre/Formannskap
- Rådmannen si leiargruppe/ordførarmøtet

Rektormøter

Skuleleiingsmøte

Oppvekstleiarmøte

Oppvekstforum

SFO-leiar - rektormøte

Samarbeidsmøte med arbeidstakarorganisasjonane

Besøksdagar Skule/PPT

Lågterskeltilbod i barnehage

Treffpunkt

Fagtenester

Kommunalt foreldreutval (KFU)

Administrativ oppfølging merkantilt personale ved skulane

Gjennom året har vi formelle og uformelle dialogmøter med skulane og barnehagane

Brukarundersøkingar

Medarbeidarundersøking

Oppfølging av resultat

ANSVARSDIALOG

Dette dialogmøtet er ein samtale mellom skule og skuleeigar. Eit mål med dialogmøtet er at skuleeigar skal få innblikk i skulen sin kvardag og praksis.

Gjennom dialogmøtet skal også skulen få tilbakemelding og støtte på kva som er «god praksis», og eksisterande praksis blir utfordra.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

KVALITETSUTVIKLING

Resultat

Lærande møter: Bruk av "kunnskapsutviklende møter" for å utvikle barnehage og skule som lærande organisasjon. Hensikt er å sikre erfaringslæring og at beste praksis blir nytta i leiarmøter med barnehagestyrar og skuleleiing. Satsingsområda er tema

Ansvarsdialog: Vi gjennomførte ansvarsdialog med alle skulane og våre to kommunale barnehagar

Gjennomført dialog med alle elevråda på skulane

Tett dialog mellom administrasjon og politikk gjennom prosjektet Betre Læringsresultat (BLR). Presentasjonar i Tenesteutvalet og samlingar i OU-programmet

Kvalitet og utvikling: Vi er ein aktiv oppveksteigar som er tett på barnehagane og skulane i kvalitets- og utviklingsarbeid.

Suksessfaktorar

Oppveksteigar er tett på med støtte og krav.

Få og felles satsingsområder i einingane våre.

Godt samarbeid på tvers av fagtenestene.

Møtepunkt/Nettverk: Vi legg til rette for kunnskapsutviklende møter med kultur for deling.

Oppveksteigarrollen: Gjennom KS sitt organisasjonsutviklingsprogram har vi fått ei felles forståing av oppveksteigarrolla. Vi har fått fagleg og oppdatert

kunnskap og meir innsikt i eigaransvaret.

Nye og forbetra administrative system og digitale verktøy er på plass.

Godt og kvalitativt samarbeid mellom våre to kommunale barnehagar.

Utfordring

Oppretthalde målet om å vere ein aktiv oppveksteigar.

Sikre tidleg innsats for alle gjennom felles system og rutinar for oppfølging og tiltak.

Sikre god kvalitet i møte mellom barn og vaksen på alle arenaer. Felles forståing av kvalitativ god relasjonskompetanse.

Oppretthalde felles fokus på medverknad, barn og unge skal bli inkludert, verdsatt og høyrte på alle nivå.

Folkevekst aukar krav til infrastruktur.

Plan for oppfølging

Vidareutvikle kunnskapsutviklende møtepunkt på alle nivå.

Legge til rette for god dialog mellom politisk og administrativt nivå.

Sikre tett oppfølging og dialog i einingane sine utviklingsarbeid.

Opplæring og vidareutvikling av nye administrative system og digitale verktøy.

God og tett dialog med skulane i satsinga tidleg innsats og bruk av forsterkingsressursen for å sikre god kvalitet og tidleg innsats på alle skulane våre.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Del 4: Dialogmøte med Samarbeidsutvalet (SU)

Dialogmøte med Samarbeidsutvala i barnehagane måndag 4. september 2017.

Tema

«Kvar barnehage / SU velgjer seg eit område dei syns er viktig og gir tilbakemelding på dette området. Kva signal vil de sende til politikarane når det gjeld satsing innan barnehage i åra som kjem?»

Oppsummeringa som følgjer er direkte gjengitt frå tilbakemeldingane men rydda under samlande overskrifter i tilfeldig rekkefølge:

- «Vi snakket mye om barns egenverdi bare ved å være til – det at barn er verdt så utrolig mye bare ved å finnes – og at barnets verdi ikke skal måles i hva det er flink til eller ikke, oppførsel eller sjarm til eksempel. Alle barn er fantastiske, og det fortjener de å få høre!»
- «Os kommune må sikre at de mindre ideelle barnehagene i kommunen kan overleve sammen med kommer-

sielle større aktører. Vi ønsker at kommunen satser på mangfold i barnehagesektoren.»

- «Os kommune sine satsingsområder: Det er vanskelig å få overblikk gjennom Tilstandsrapporten over Os kommune sine satsingsområder i barnehagesektoren de nærmeste årene.»
- «Kvalitetsplan oppvekt og kultur i Os kommune» til ettertanke: «Kva er det beste vi kan gje borna våre –som skal veksa opp i ei framtid vi vaksne ikkje kjenner eller har erfaring frå?»

Kompetanseheving for tilsette i barnehagane

- Auka fokus på kompetanseheving og tilgang på menneskelege ressursar.
- Ønske om få ta vidareutdanning på Os slik som det har vore tilbudd nokre ganger tidlegare.
- Teoretisk påfyll, ønskje om kurs/

føredrag for både foresatte og personale.

- Felles oppstart i august: Dagen burde vore delt i to slik at heile personalet i dei private barnehagane fekk høve til å delta. Det blir ikkje det same med felles oppstart når private barnehagar kun får stille med to representantar pr. barnehage. Eit slikt arrangement føreset at alle barnehagane følgjer vedtatt skulerute for Os kommune.
- Det er viktig at kommunen held fram med å ha felles fokus og sikre at vi har felles møteplassar
- Prosjektarbeid, t.d. fordjuping i eitt av fagområda. Det ville vore fint å kunne hatt midlar til ekstern rettleiar i høve prosjektarbeid retta inn mot barna. Prosjekt innan IKT er ei viktig satsing og kunne vore spennande å jobbe med.
- Belyse barnehagen sin profesjon og

kunnskap.

- Synleggjere verdien av det som barnehagen gjer både for barnet og for samfunnet.
- Positivt med ungdomsskulegutar og dette må vi fortsette med. Barna gledar seg til gutane kjem og vi ser at gutane tar ansvar og veks på oppgåvene. Nokre av gutane ønskjer å fortsetje og vil gjerne komme tilbake neste år så kanskje det på sikt vil bli fleire menn i barnehagane.

DUÅ (De utrolige årene)

- Dette ønskjer vi å videreføre som eit felles kompetanseløft for barnehagane.
- Det er veldig bra at Os kommune satsar så mykje på å implementere programmet De Utrolige Årene i alle barnehagane.
- Det er viktig at kommunen fortsetjer satsinga på DUÅ, og at dei kan ha ein

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

plan for opplæring av nytilsette når dei er ferdig med implementering i alle barnehagane. For oss er arbeidet med DUÅ ein del av den ordinære barnehagedrifta og måten vi jobbar på, uavhengig av kva vi har som satsingsområde frå år til år.

- Sosialkompetanse og førebygging av mobbing er ein viktig del av arbeidet i barnehagen. DUÅ er eit godt verktøy i dette arbeidet, noko forskning også syner.

Tidleg innsats. Snu ressursbruken

- Tidleg innsats startar i barnehagen.
- Fokus på kompetanseheving og tilgang på menneskelege ressursar.
- Tilføre midlar til spesialpedagogisk koordinator lokalt i barnehagane.
- Psykisk helse: rause og robuste barn. Fokus på livsmeistring.
- Språksatsing.
- Tettare samarbeid mellom helsestasjon og barnehage.

Leik:

- Større fokus på leikens betydning for notida og for framtida.
- Leik er eit verktøy barn tyr til i mange situasjonar og er også ein viktig inngangsport for å danne vennskap. Leiken i seg sjølv må ikkje undervurderast og då spesielt den frie leiken der barn gløymer tid og stad.
- Vennskap har også ein sterk forbindelse til psykisk helse. Forsking syner at barn som innan dei fyller fem år ikkje har lukkast i å danne aldersadekvate vennskap har høg risiko for å utvikle psykiske lidingar og sosial mistilpasning. (Kvello).

Sosial kompetanse

- Dette er eit stort tema, og det blei delt opp i tilknytning og tilflyttarar. Os kommune har endra seg mykje med åra, og det er mange nye tilflyttarar. Dei som har budd lenge i kringane ønskjer at alle skal bli tatt vare på og inkludert. Det må byggjast nye relasjonar, knytast nye vennskap og barn må lere seg å fungere saman

- med andre. Dette gjeld for alle barn.
- Det må bli større fokus på å styrke lokalmiljøet. Inkludering og likeverd, sosial kompetanse; alt dette startar i barnehagen. Her bør det følgje midlar med, slik at dei som jobbar ekstra med sosial kompetanse, inkludering og tilknytning får dei midlane som det er behov for.

Overgang barnehage – skule

- Ønsker at det blir sett meir lys på overgang mellom barnehage og skule.
- Det er veldig bra at barnehagane og skulane i Os kommune samarbeider godt. Vi skulle ønskje det var sammenfallande program i barnehage og skule for å gjere overgangen lettare.
- Sikre at alle nyttar overgangsplan som Os kommune har. Planen sikrar trygg og rutinemessig overgang på alle nivå.
- Mogelegheit for utsett skulestart. Det blei vist til forskning på området

at skulen ikkje har klart å tilpasse seg yngre barn inn i skulen.

- Sikre god og trygg overgang til skule for førskolebarn gjennom eit godt samarbeid med skulen. Vi har gode planar for overgang frå barnehage til skule men det bør sikrast at alle arbeider etter same plan mot same mål.

Barn med spesielle behov

- Ulike synspunkt frå barnehagane når det gjeld ressurstildeling, samarbeid med PPT og Fagsenter. Det blir ytra eit behov om å få ressursbruk og prioriteringar enno meir synleggjort frå kommunen si side i vidare arbeid.

Bemanning / pedagognorm / voksentetthet

- Politikarar bør ta seg ein arbeidsdag i barnehagen for å sjå korleis det er å jobbe i barnehage. Det blir fleire og fleire barn pr. avdeling, lengre og lengre åpningstid, men bemanninga er fortsatt den same.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

- Det må komme på plass ein bemanningsnorm som sikrar eit likeverdig tilbod uansett kva barnehage barna går i. Bemanningsnormen må møte alle barn sine behov.
- Det blei vidare snakka om at det i dagens samfunn blir opplevd mykje stress. Kva kan vi gjere i barnehagen for å unngå at små barn skal gå i «stressfella»? Meir bemanning vil føre til tettare oppfølging av barn. Barnegruppene kan delast i fleire små grupper og det kan opplevast som roligere og mindre stressfult. Dagens barnehagar har lang åpningstid i motsetning til tidlegare. Dette fører til at det er kortare periodar på dagen at det er full bemanning mot tidlegare då det var kortare åpningstider. Her er vi tilbake til bemanning...
- Vi ønskjer å få innført bemanningsnorm, maks 6 store barn pr. voksen og 3 små barn pr. voksen. Fleire kommunar får til dette, dette bør være likt over hele landet. 12 barn på småbarnsavdeling istedenfor 14 barn. Og 24 barn på storbarnsavdeling.
- Ønskje om maks oppholdstid for barn i barnehage på 9 timer. Barnehagar som har opent 10 -12 timer kvar dag bør få inn fleire tilsette. Barnehagane får lengre og lengre opningstid, men bemanninga er den same.
- Positivt at Os kommune legg til rette for at lærlingar kan få praksisplass i barnehagen. I tillegg til nytten for dei under utdanning, lærer dei tilsette av at nokon kjem og stiller spørsmål som vi i lag må reflektere over. I tillegg er det godt med fleire hender i ein travel kvardag då dette hjelper oss til betre å kunne følgja godt opp kvart enkelt barn.
- Behov for å synleggjere kvifor ikkje Os kommune utplasserer lærlingar hos private barnehageeigarar.
- Vi er enige i at personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs. Dersom Os kommune ønskjer god pedagogdekning og høg grad av erfaring i personalgruppa så må det kommu-

nale tilskotet gjenspeile dette. Høg pedagogdekning og tilsette med lang erfaring er kostnadskrevjande.

- Tilstandsrapporten inneheld ikkje tal på kor mange barn det er pr. ansatt. Det betyr mykje for kvaliteten og seier også noko om den økonomiske situasjonen og disponering i barnehagane. Ønskjer at bemanningsnormen i dei kommunale barnehagane blir tydeleggjort.

Språkstimulerande tiltak

- Utvikling av eit godt språk er viktig og satsingar må prioriterast i barnehagen.
- Vi søkjer bedre oppfølging av fleirspråklege barn i barnehagen. Fler-språklege blir gjerne sitjande på ein avdeling utan ekstra personell til å kunne tett følgje opp barnet sin forståelse. Skulen har mottaksklasser medan barnehagen ikkje har noko.
- Fokus på nynorsk i barnehagen? Skulen nemner utfordringar når barn startar på skulen i forhold til språk-

form.

Psykisk helse

- Tidleg innsats startar i barnehagen.
- Psykiske lidningar er ein av dei største, om ikkje den største folkesjukdomen i Norge i dag. Det er tydeleg at psykisk helse er ein konsekvens av mange faktorar, og grunnlag for god psykisk helse blir danna i dei tidlege barneåra. Verdien av psykisk helsearbeid i barnehagane er uvurderlig og bør virkeleg satsast på. (Tips: Arne Holtes syv kilder til psykisk helse).

Tilskuddsordning barnehage

- Det aller viktigaste for oss er at tilskota gjer det økonomisk mogeleg å drive ein liten ideel barnehage. Vi er oppteken av kompetente vaksne som kan gje eit tilbod med høg kvalitet til både barn og føresette. Som ein liten enkeltstående barnehage har vi ikkje dei same stordriftsfordelane som større barnehagar og konsern har:
 - høve til å få ekstra tilskot når barn

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

strever

-få tilgang til tolk via kommunen

- Øyremerkta midlar til kost for å sikre eit balansert kosthold til barn, "eit godt måltid" i høve til kosthold og helse.
- Alle barnehagar bør ha eigen kokk som lager mat, tar oppvask og ryddar. Foreldre ønskjer varm mat kvar dag og dei tilsette vil få meir tid saman med barna når det ikkje er så mange praktiske oppgåver som må gjerast.
- Barn bør følgjast av same person gjennom barnehageløpet. Ordninga blei diskutert og er ikkje mogeleg å gjennomføre innafør dei rammene som barnehagane råder over pr. i dag
- Vedlikehald av bygg og uteområde. Viktig at vedlikehald blir prioritert både for at bygg ikkje skal forfalle men og for miljø og trivsel for barn, føresette og tilsette.
- Behov for at rammer for tildeling av kommunalt tilskot og sats blir enno betre synleggjort frå kommunen si side.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Dialogmøte med Samarbeidsutvala på skulane torsdag 31. august 2017.

Læringsmiljø: Trivsel og mobbing

Vi meiner at godt og trygt læringsmiljø må liggje til grunn for læring, som igjen fører til gode resultat. Vi vil ha fokus på å byggje ein god læringskultur. Dei vaksne på skulen må vere bevisste på å fremja den elevåtferda vi vil ha meir av. Moglegheit til å kunne ta dei gode samtalanene med elevane. Tørre å vere ein lyttande vaksen, og stola på at det er bra nok. Ein er profesjonell nok til å ta dei viktige samtalanene. Byggja gode relasjonar. Fokus på at alle er våre elevar. Vere sikre på at ein kan prioritere det som er viktig der og då. Legge vekk det ein hadde tenkt, dersom det er nødvendig. Godt samarbeid med heimen og godt foreldreklassemiljø. Når tryggleiken og det gode læringsmiljøet er på plass, tenkjer vi at resultat vil koma. Vi ønskjer at vaksentettleiken vert opprettholdt og helst auka. Oppretthalda ordninga med lærlingar i skulen

- Godt samarbeid med barnehagen er viktig – gode rutiner for overganger,

samarbeid på trinn

- Tryggleik er det viktigaste for (små) born på skulen. Vi treng tid og hender nok til å skapa gode relasjonar til og mellom alle elevar.
- Barnehagen blir invitert til skulen til ulike anledningar, temakvelder ol.
- Bra med fadderordning – sikre at det fungerer godt i heile kommunen
- Viktig at det er nok vaksne ute når elevane kjem – godt med synleg tilsyn i fargerike vestar- alle må bli sett!
- Vennebenken skaper tryggleik
- Utfordringar knytt til barn og unge sin oppvekst krev større satsing på tverrfagleg samarbeid. Ulike fagpersonar må vera tilgjengeleg for å gje praktisk og målretta hjelp til barn og unge som strevar. Fleire fagarbeidarar/miljøarbeidarar i skulen ville vera eit viktig bidrag
- Viktig med åpen skule der foreldre og besteforeldre blir invitert og føler tilhørighet
- God informasjon frå skulen – aktiv

nettside

- Vi saknar fokus på det fysiske miljøet ute i samband med læringsmiljø. Styrken til vår skule er naturområder, god plass. Fysisk utemiljø som inviterer til variert aktivitet både i friminutt og i undervisning. Viktig med godt samarbeid med lokale idrettslag.
- VIP-dagar i SFO fungerer veldig godt. Viktig å vidareføre (nye 1.klassingar som får vitje SFO før sommaren)
- Gjere elevane medvitne på medverknad, nytte elevrådet til å gå i djupna av læringsarbeidet/læringsmiljøet gjennom t.d. intervju.
- Grunnlaget for all læring er god relasjon mellom lærar – elev. Nytte tid på å byggja opp og vedlikehalda
- Bruka t.d. «Forandringsfabrikken» inn mot elevar for å byggje sosial kompetanse
- Kva er sjansen for at nokre blir mobba /krenka på vår skule? Korleis hindre mobbing/krenking? Kva er risikoen for at skulen ikkje handlar?

Kor og når er det sannsynleg at det føregår krenking/mobbing? Korleis lage kultur for at lærarne kan gi tilbakemelding til kvarandre og rektor dersom dei observerer krenking fra kollegaer.

- Skulane må lage en handlingsplan som skal inn i rutineheftet.
- Nettvett (sosiale medier) bør være tema også frå 1.trinn SU tenkjer at Fysisk, Lesekvarten (15 min lesing kva morgon) og «Du og Eg» (samtale om korleis vi er saman, sosialt samspel) er viktige faste aktivitetar som er med på å trygge og utvikle læringsmiljø og samhandlingsmiljøet på skulen. Det gjer og retning og målber våre prioriteringar.
- SU meiner det er viktig som ein del av tilstandsrapporten å få fram at begge ungdomsskulane i fleire år har satsa stort på prosjektet Psykisk helse for ungdom, retta mot elevar på 9.trinn. Dette er eit førebyggjande tiltak som ein del av arbeidet med §9A i Opplæringslova

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

- SU meiner og det kan vera bra å setje fokus på arbeidet med elev-medverknad. Elevmedverknad i høve innhald og form på undervisning vil bidra til å skape forståing og interesse for kunnskap. I Elevundersøkinga kjem vi ikkje spesielt godt ut på dette området.

Skule-heim samarbeidet

- Bra at alle skulane gir noke av den samme informasjonen som kjem fra skuleeigar
- Nye system der lærar og skule har kontakt via App på telefon
- FAU og SU møter - dialog og drøfting
- Leseleksa Mi er en god måte å ha dialog med foreldra kvar veke – viktig med god relasjon mellom skulen og foreldra
- Kan med fordel ha fleire lekser der foreldra skriv kommentar til lærar
- Kommunikasjon (foreldra vil vite) - Det bør komme frem hva vi ønskjer av foreldregrappa
- Foreldremøta: foreldra vil ha enda

meir dialog på desse møta og vil gjerne ha rom for å kunne drøfte med andre føresette:

- Klassemiljø
- Bursdag, leggetider etc.

- Delar av SU er overraska over at det er elevar i grunnskulen som ikkje møter på skulen. Gjennom SIM ser vi føre oss eit systematisk måte å møte slike utfordringar på. Skulen vil følgje opp korleis vi arbeider i SIM for å gje føresette kjennskap til tiltaket.
- SU ber kultur og oppvekst gjennom skulen og helsetenesta bidra til å trygge våre barn i garderobsituasjonen. Mange barn finn det vanskeleg å skifte og dusje saman med andre. Det er noko ein må øve. Det bør vera eit tema som skule og helsetenesta saman bør prioritere.
- Fungerer godt å slå saman trinn til foreldremøter der første del av møtet blir felles. Det blir en måte å sikre at alle får samme informasjon – klassevis etterkvart.
- Vi hadde foreldre som var veldig

positive! Flott med et fellesmøte – det bør vi fortsette med, «Saman e vi best»

- Hegglandsdalen skule går inn i ei spennande tid med at dei skal flytte inn i ny skule «Aust om elvo»- viktig at skuleeigar legg til rette for gode prosessar fram til dette skjer.

Kva er bra

- Tallgrunlaget, Two teachers
- Tidleg innsats - Tidleg innsats i småskulen er viktig for å skapa meistring og å unngå at nokon sakkar bak tidleg.
- Fokus på klasseleiing
- Ressurslærar ungdomstrinn
- Nivådelte læreverk er bra, vi bør også legge til rette for dei "sterke elevane".
- Rask bokstavprogresjon er vellukka
- SU er glad for satsing på skulane i Os med mange nye skulebygg. Dei er med på å sikre gode fysiske rammer kring opplæringa
- Sjøast i morgon (SIM). Utruleg viktig at ein tar tak i dei som ofte er

borte frå skulen. Å kjenne på trivsel, meistring og anerkjenning er viktig for elevane i løpet av skuledagen. Foreldre som framsnakkar skulen og som motiverer for skulegong.

Kva kan bli betre

- Betre kompetanse hos lærarane, assistentar og fargarbeidarar, særskilt innan IKT og klasseleiing. Sende personalet på kurs
- Korleis få til enda betre kommunikasjon. Betre informasjon om assistentane si rolle i skulen.
- Fullføre påbyrja område med asfalt, kantstein, planter, etc.
- All nybygging og/eller oppgradering av skulebygg/skuleanlegg må byggja på kvalitet i alle ledd. God skilting.
- Ferdigstille og oppruste leikeområda på skulane- stort sprik frå skule til skule i dag- uteområdet må sikrast.
- Det bør vera standard på korleis uteområdet på skulane i Os skal vere
- Nynorsk i barnehagane er viktig for god lese- og skriveopplæring i skulen.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

- Vi treng meir satsing på realfag gjennom heile skuleløpet frå 1.-10. trinn
- Ønskje om to lærarar i klasserommet - lærartettleik viktig for både fagleg og sosial læring
- Ressurar til tilpassa opplæring og elevar som treng tilrettelegging
- Stasjonsundervisning, veiledande lesing. Viktig å auke elevmedverknad-læringsven, ulike elevaktivitetar for læring
- Fleire Ipad-ar i klasserommet
- Elevane ønskjer meir aktivitet i deler av undervisninga
- Nytte aktiv TL-undervisning på alle trinn
- Nytte naturen meir i fag som naturfag/samfunnsfag/gym/M&H
- Leseprosjekta
- Drøfting av særlege satsingsområde for skulen (er også med i dei som er felles for heile kommunen/nasjonalt)
- Oppfølging av kartleggingsprøver: Kan bli endå betre i formen og gjennomføring. Må få same fokus som

nasjonale prøver.

Tidleg innsats

Mange born kjenner kvarandre frå barnehagen. Der har dei gjerne gått i lag i opptil 5 år. Klassesamansetjing må legge vekt på overgangssamtalane med barnehagen. 1.klasse skal vere ein ny og god start for alle. Åtferdsmessige utfordringar og psykiske lidningar blant dei minste aukar. Stort behov og trong for å handtera elevar forskjellig, for å ta vare på den enkelte og for å sikra eit godt læringsmiljø for alle i klassen. Her kan tiltaka vera auka lærartettleik / vaksentettleik på småskulen. Rekruttera andre yrkesgrupper inn i skulen og gjera betre bruk av helsesøster på skulane.

Satsing for åra som kjem

Skulen er på mange måtar prega av tradisjonell tenking. Til dømes er organisering av skuledagen ikkje mykje endra dei siste 100 åra. SU på Os ungdomsskule meiner tida er mogen

for å gjera positive grep for å skapa ein enno betre skule for alle. Eit forslag er at Os kommune set i gang ei prøveordning der skuledagen blir utvida med 60 min for alle elevar. Denne tida skal nyttast til eige leksearbeid under rettleiing av lærar. Det skal då vera slutt på «tvungen» leksegjering heime. Når ein kjem heim har ein då tid til familie, vener og anna aktivitet. Aller best vil det vera å gjera dette slik at det blir ein god midttide midt på dagen og at alle elevar i Os får eit gratis, sunt og godt skulemåltid. Ramma for skuledagen kan då vera mellom kl.08.30 og 15.30. Ei slik ordning vil krevja om lag 1 ½ ekstra årsverk på ein skule som Os ungdomsskule.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Satsingar	4. Tilsyn	Oppveksteigar	Dialogmøte SU
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		



Design: Loops / Os kommune Foto: Fransisco Munoz



INSPIRERER